



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Utkast til høyringsrapport

Etter offentlig høyring av planforslag 2015

1 Innleiing

Arbeidet med den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger starta opp i 2011, og planprogrammet vart vedteke i 2013.

Fylkesutvalet vedtok å sende på høyring og leggje ut til offentleg ettersyn styringsgruppa sitt forslag til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (Hordaland fylkesutval 19.05.2015, Rogaland fylkesutval 12.05.2015). Høyringsperioden var 22.05.2015 – 01.10.2015.

Høyringsrapporten er framleis under arbeid. Nokre tema er avklart og bearbeidde, medan andre tema treng vidare prosess og diskusjon. Dette gjeld særskilt for avgrensing av areal for akvakultur i plankartet. For dette temaet er det utarbeidd eige notat og temakart som skildrar 3 ulike alternativ.

Medverknad

Både planprogrammet og planframlegget har vore lagt fram for offentleg høyring, og det har blitt avhalde høyringskonferanse med brei deltaking både i samband med planprogram og planframlegg. I tillegg har det i løpet av prosessen (i 2014 og 2015) blitt arrangert 4 temamøter, innan tema sjøtransport og maritim næring, strandsona, akvakultur og berekraftig kystsoneplanlegging. Relevante etatar, fagmiljø, lag og organisasjonar har blitt invitert til å delta på temamøter og koma med innspel i høyringsrundane. Samlingane har fått fram og formidla kunnskap, gitt høve til medverknad og skapt engasjement og forankring av planen. Møtene og høyringane har blitt annonsert i aviser og på relevante nettstader.

Planarbeidet har hatt ei politisk styringsgruppe med deltakarar frå Hordaland og Rogaland fylkesutval, ordførarar frå Tysnes, Stord og Kvam kommune, samt utvalsleiar frå Vindafjord kommune. Det har også vore ei administrativ prosjektgruppe med deltaking frå statlege organ, fylkeskommunane og utvalde kommunar oppnemnt av Samarbeidsrådet for Sunnhordland (Kvinnherad, Kvam og Vindafjord).

Faggrupper knytt til plantema har vore faglege diskusjonsforum. Deltakarane har vore fagpersonar frå statlege/regionale organ, kommunar, fiskeri- og akvakulturnæringa og organisasjonar. Ressursutvalet for interkommunal strandsona har fungert som faggruppe for strandsona. Det har i tillegg vore faglege diskusjonar med Fylkesmannen og Kystverket knytt til handtering av strandsona og sjøtransport.

Styringsgruppa og prosjektgruppa forsterka med ressurspersonar frå fylkeskommunen, fylkesmannen og Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL) har deltatt på studietur til Færøyane med fokus på akvakultur og synfaring med båt i Sunnhordlandsbassenget.

Planområdet er stort, og omfattar 12 kommunar. Det har ikkje vore mogleg å ha direkte kontakt med alle eksisterande lag og organisasjonar i alle dei aktuelle kommunane i samband med høyringar og temamøte. Ein reknar med at lag og organisasjonar på fylkes-/kommunenivå vidareformidlar informasjon til sine lokallag i den grad det synest å vera relevant. Ein sit generelt sett att med eit inntrykk av at prosessen med kystsoneplanen har vore god, og at det har vore stor grad av medverknad og deltaking undervegs i prosessen.

Når det gjeld arealinnspel knytt til akvakulturnæringa er det som ein del av arbeidsprosessen bedt om konkrete arealinnspel ved fleire høve.

I lys av merknader frå kommunar og næring i samband med høyring av planframlegget vil planframlegget bearbeidast på enkelte punkt. Dette skal gjerast i diskusjon og i samråd med prosjektgruppe, næringsaktørar og styringsgruppe.

Innspel

Det har kome 44 skriftlege høyringsinnspel til planforslaget. 9 kommunar, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, 5 regionale statsetatar, 16 næringsaktørar (akvakultur) og 13 andre. Det er aktørar som har sitte i prosjektgruppa som ikkje har kome med skriftlege høyringsuttalar, men som i hovudsak har uttala seg positivt til planen elles. Dette gjeld til dømes Mattilsynet og Kvinnherad kommune.

Kommunane er ei viktig målgruppe for regional planlegging. Målsetnadene frå regional plan skal takast vidare i kommunal planlegging og sakshandsaming, og gjerast lokale og meir detaljerte i hovudsak gjennom rullering av kommuneplanar. Kommunane er stort sett positive til og stiller seg bak planframlegget. Dei fleste kommunane ser det som positivt at det er arbeid fram ein plan som skal sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone. Planen vert oppfatta som ein god rettleiar for kommunane i samband med kystsoneplanlegging, og den metodiske tilnærminga er av fleire kommunar kommentert i positiv lei. To kommunar rår likevel frå at kystsoneplanen vert vedteken slik han ligg føre. Dette er mellom anna grunngjeve med at kystsoneplanen vert sett på som ein «verneplan», utan ei strategisk tilnærming til akvakulturnæringa sine behov.

2 Overordna drøfting av innspel

I teksten under vert hovudmoment i mottekne høyringsinnspela drøfta på eit overordna nivå, og med tilhøyrande tilråding til om planforslaget bør endrast som følgje av innspela. For fullstendig oversikt over alle mindre endringar – sjå **del x** i rapporten og forslag til endeleg plan.

Teksten er delt inn etter dei fire kapitla/plantema i planforslaget, samt generelle innspel.

- Regional plan og det lokale handlingsrommet
- Berekraftig kystsoneplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsone

2.1 Regional plan og det lokale handlingsrommet

Regional planlegging skal leggje til rette for ei berekraftig utvikling av Hordaland. Regional planlegging fastset felles mål, strategiar og satsingsområde for regional utvikling, og har eit handlingsprogram som skal bidra til å oppfylle måla. Ein regional plan kan vere både tematisk og geografisk innretta, den kan gjelde heile fylket eller avgrensa geografiske område.

Regionale planar skal ha eit langsiktig perspektiv, helst minst tolv år. Det er særskilt viktig at dei regionale planane handsamar oppgåver som krev avveging og avklaring mellom ulike interesser over sektor- og kommunegrenser, samt samordning og forpliktande samarbeid mellom mange aktørar i gjennomføringa.

Eit generelt høyringsinnspel som gjeld for heile planen er tilhøvet mellom overordna føringar lagt i regional plan og den kommunale sjølvrådetretten. Fleire har peika på at planen legg for

detaljerte føringar både gjennom plankartet og retningslinene. Nokre innspel er kritiske til at *skal/må* er nytta i retningslinene, og meiner dette er for strengt. Andre er nøgd med planen som han føreligg, men finn grunn til å understreke at han er rettleiande og krev lokal tilpassing. Særleg er oppdrettsnæringa og oppdrettsintensive kommunar opptekne av det lokale handlingsrommet ved å kunne vurdere nye lokalitetar eller flytte lokalitetar til område utan akvakultur i plankartet.

Kommentar/tilråding:

Det er kommunen som er planmynde på lokalt nivå. Samstundes er regionale planavklaringar viktige for gjennomføring av både nasjonal, regional og kommunal miljø- og arealpolitikk. Fylkeskommunen er regional planmynde og ein regional plan skal ivareta den oppgåva og det ansvaret fylkeskommunen har som regional utviklingsaktør (Kjelde: Planlegging etter plan og bygningsloven, Miljøverndepartementet, 2009).

Retningslinene og plankartet er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar. Regional politikk skal forankrast gjennom retningsliner og plankart gjennom ein regional plan som er føreseieleg, konkret og lett å bruke.

Planlegging og forvaltning av arealbruk og andre naturressursar skal som eit hovudprinsipp føregå etter føresegnene i plan- og bygningslova. Dette framgår direkte av plan- og bygningslova si målføresegn i § 1-1, der lova vert tillagt både ein formell og reell overordna og samordnande funksjon. Planlegging etter Plan- og bygningslova skal fremje berekraftig utvikling til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Omgrepet berekraftig utvikling handlar om balansen mellom økonomisk og sosial utvikling og ivaretaking av miljøomsyn.

Ei rekkje sektorlover har også føresegner om disponering av areal og naturressursar innanfor sine saksområde. Desse lovene håndhevast for det meste av fagetatar på ulike nivå i forvaltninga. Sektorlovene sine reglar for sakshandsaming avvik noko frå reglane om planlegging og enkeltsakshandsaming i plan- og bygningslova, og samordninga med plan- og bygningslova sine reglar varierer.

Retningsliner

Det har vore eit mål at retningslinene i planen skal vere klåre og tydelege. Når det gjeld bruk av ordet *skal/må* så er det nytta på ein medviten måte, mellom anna for å unngå mogleg språkleg mistyding (eit ord som «bør» kan vere uklart og kan tydst både som «skal» og berre som eit «godt råd»). Tydelege retningsliner vil skape føreseie og likehandsaming i planområdet. Andre regionale planar i Hordaland presenterer også regional politikk gjennom regionale retningsliner med *skal/må*-formuleringar.

I planframlegget til høyring var retningsliner definert innanfor kvart av dei 4 plantema. I framlegg til bearbeidd versjon vil ein søkja å kopla retningslinene i større grad opp til arealføremål slik desse er avsett i plankartet. Målsetnaden med ei slik endring er å betre lesbarheita, forståinga og bruken av planen.

Plankart

Denne planen er ein av få regionale planar i Noreg der det er utarbeidd plankart. Det er ikkje tidlegare laga regionale plankart for kystsona i Noreg, og ein har vore nøydd til å søke etter dei gode løysingane. Utfordringa med kystsoneplanlegging er at dei ulike interessene sin *arealbruk* varierer frå sameksistens i tid og rom til eksklusiv og særeigen bruk. Dette gjer kystsoneplanlegging til ei kompleks og samansett oppgåve, der behovet for heilskapleg tilnærming er tydeleg.

Plankartet gir eit overordna bilete på arealbruken i sjøområda og er basert på arealsoner som enten opnar for sameksistens eller for eksklusiv bruk. Moglegheit for detaljering, prioritering og arealavklaring er avgrensa av dei nasjonale teiknereglane for regionale plankart. I tillegg til dette er planområdet stort og det er valt å ta omsyn til at plankartet skal vera eit lett lesbart kart. Regionalplanen har innan fleire tema ikkje avklart arealbruken utover kombinerte arealsoner, som kan sjåast på som *ikkje planlagde areal*. Desse areala må planleggast ytterlegare og meir detaljert på kommunalt nivå.

Akvakultur har vore eit sentralt tema i planen og det er valt å planlegge areala for akvakultur med større detaljgrad enn dei andre plantema. Det er i tillegg eit særskilt behov for å avklare tilhøva mellom interesser som krev eksklusiv bruk av sjøområda slik som oppdrettsanlegg gjer. Det er nytta ein metodisk tilnærming for å balansere og prioritere mellom akvakultur og andre sektorinteresser (bruk og vern). Resultata er nytta til å avsetje arealsoner med eller utan akvakultur i plankartet. Differensieringa er gjort på ein medviten måte for å sjå oppdrettsnæringa og sektorinteressene på tvers av kommunegrensene.

Planområdet er stort og det er utfordrande å lese plankartet i papirform. Digitalt tilgjengeleg plankart er ein føresetnad for å kunne lesa detaljar i ein slik målestokk som denne planen har. Det er difor valt å tilretteleggje ei digital kartløyning for å gjera plankartet lettare lesbart, samt gje tilgang til alle temadata som er nytta som grunnlag i planprosessen. Kartportalen har vore nytta i heile prosessen for aktørane som har delteke, og også nytta i høyringsperioden. Det er ein målsetnad at planarbeidet skal vera kunnskapsbasert og resultata etterprøvbare.

2.2 Berekraftig kystzoneplanlegging

Generelt

Det vert framheva frå fleire høyringspartar at planen legg opp til ein god balanse mellom bruk og vern, og at planen ivaretek dei ulike interesseområda for bruk av sjøarealet. Fleire peikar på at det er gjort ein god jobb når det gjeld kartlegging og prioritering av ulike verdiar og interesser i planområdet. Det vert framheva at analysane og temakarta, saman med tydeleg prioritering av dei viktigaste verneinteressene mogleggjer målet om ei berekraftig kystzoneforvaltning.

Generelt sett meiner kommunane i planområdet at kystzoneplanen har klart å balansera mellom bruk og vern på ein god måte.

Kommentar/tilråding:

Det er viktig at kommunane i hovudsak meiner at dei ulike interessene er balansert på ein tilfredsstillande måte i planen. Det gir gode føresetnadar for at kystzoneplanen skal bli eit nyttig styringsverktøy for kommunane.

Kommunane sin innstilling er såleis i tråd med hovudmålet med planarbeidet; at kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur

I høyringsforslaget var det avsett 14 omsynssoner for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur. Omsynssonene i planframlegget vert av fleire høyringspartar peika på som viktige i arbeidet med å prioritera dei viktigaste verneinteressene i området. Fleire høyringspartar, særleg kommunar, meiner det er viktig å synleggjera dei områda som har regional verdi, og at det er viktig at særigne kvalitetar knytt til natur, kultur, friluftsliv og

landskap vert teke vare på. Det er òg frå fleire høyringspartar uttrykt stor forståing for at nye tiltak må tilpassast dei særeigne kvalitetane som ligg til grunn for etableringa av desse sonene. Eit par kommunar kjem i tillegg med forslag til fleire område i planområdet. Det vert mellom anna peika på at dei 14 definerte områda er med på å unngå at område som er viktige for friluftsliv, i dag og i framtida, vert forringa.

Fleire av næringsaktørane innan akvakultur er kritiske til etablering av dei 14 områda. Nokre meiner at desse er i strid med hovudmålet til planen (planen skal medverke til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet). Nokre næringsaktørar meiner at områda ikkje er kunnskapsbasert, og at dei samfunnsmessige konsekvensane ikkje er vurdert godt nok. Det vert òg påpeika frå fleire at berørte partar bør få betre høve til å uttala seg. Hovudankepunktet mot omsynssonene er likevel dei restriksjonane som vert lagt på akvakulturnæringa i desse områda. Dette er nærare omtalt under kap 2.3 Akvakultur.

Det vert nemnt av fleire næringsaktørar at dei regionalt viktige områda vil vera utfordrande for lokalsamfunn som er basert på akvakultur, og at mindre selskap som baserer seg på sitt geografiske nærområde kan verte skadelidande. Som ei følgje av dette vert det vidare peika på at ei gjennomføring av forslaget om omsynssoner kan verka konkurransevridande og ha strukturmessige konsekvensar i planområdet.

Kommentar/tilråding:

Det er i samband med planarbeidet gjennomført analysar knytt til sumverknad av tema landskap, natur, friluftsliv og kultur. Temalaga er knytt til både sjøområda og strandsona, og desse er sett i samanheng for å finne koplingar og knutepunkt mellom sjø og strandsona.

Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for regional utvikling og skal medverke til ei positiv og berekraftig utvikling i heile fylket. Med dette skal perspektiva kring både bruk og vern inkluderast i planarbeid, og desse må balanserast for å skape ein berekraftig utvikling. Regionale planavklaringar er viktige for gjennomføring av både nasjonal, regional og kommunal miljø- og arealpolitikk, og planframlegget er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar.

Dei regionalt viktige områda er etablert for å synleggjera og kartfesta større samanhengande område av regional verdi med omsyn til landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Ein har valt å fokusera på dei områda som har viktige regionale verdier innan alle desse fire plantema. Det er ønskeleg at ein skal vera særskilt varsam med å tillata for store inngrep i desse områda, avdi ein ønskjer å ta vare på dei viktige regionale verdiane som er i området.

Intensjonen med plangrepet er at innanfor desse regionalt viktige områda skal det takast vare på dei registrerte verdiane gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning. Det er ikkje eit mål om å legge lokk på lokal utvikling, men at det i områda må vera ei tilpassa utvikling tufta på berekraftprinsippet. Avgjerande moment er omsyn før bruk, tilpassa bruk og utvikling, samt skjøtsel gjennom bruk. I tillegg har ein lagt føringar for at nye tiltak så langt som mogleg skal lokaliserast i område med eksisterande tiltak gjennom fortetting, og større samanhengande område bør haldast fri for inngrep. I konkrete saker må kommunane gjera ei vurdering på om tiltaka sin karakter og omfang vil redusere verdiane, og ut frå dette gjera vedtak i saka.

Kommunestruktur eller eigarstruktur er ikkje vurdert i samband med arbeidet med å lokalisera områda, dei er utelukkande avgrensa på grunnlag av kartfesting av dei eksisterande verdiane.

Plankart og retningsliner

Nokre høyringspartar uttrykker at Plan- og bygningslova ikkje opnar for å etablere omsynssoner i ein regional plan, og at omsynssonene såleis må takast ut av planen. Det vert

peika på at regionale planar skal vera retningsgivande for den kommunale planlegginga ut frå regionale omsyn, men at dei ikkje kan overstyra arealbruken i kommunane på ein så direkte måte som omsynssonene legg opp til.

Kommentar/tilråding:

Det har i planfasen vore noko usikkerheit knytt til nye teiknereglar for regionalplan, og i kva grad dei opnar for å kunne nytte omsynssoner som til dømes omsyn for landskap og bevaring naturmiljø (PBL § 11-8, 3. avsnitt bokstav c.). I samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet i høyringsperioden er ein komen fram til at omsynssoner ikkje er rett plangrep for regionale planar. Omsynssonene i plankartet vert difor tekne ut og erstatta med arealsoner, i hovudsak arealsone *landskap*. Teiknereglane er under utvikling og vert truleg revidert i løpet av 2016. I eksisterande teiknereglar er det ikkje høve til å kombinera hovudføremål, t.d føremål på land og i sjø. Ein håpar at revisjone gjer det mogleg å synleggjere dei tidlegare omsynssonene som kombinerte arealsoner til vedtak av kystsoneplanen.

Ein vil fram til vedtak vurdere arealavgrensinga og om mogleg tilpasse dei ulike sonene for å ivareta eksisterande akvakulturlokalitetar, samt akvakulturområde i kommuneplan som i planframlegget ligg innanfor omsynssona. I tillegg vil ein sjå om det er naturleg å nytte eksisterande definerte avgrensingar som t.d. kjerneområde for Fitjarøyane.

Punkt 3.4 i høyringsdokumentet seier følgjande: «*Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur er vist som omsynssoner i regional plan. Nye tiltak i kystsona innanfor omsynssonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Større tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillast. Eksisterande næringsområde kan nyttast vidare*». Som ein konsekvens av at ein endrar frå omsynssone til arealsone i plankartet må formuleringane i retningslinja endrast, mellom anna vert omgrepet omsynssone erstatta med arealsone. Bakgrunn for retningslina er å oppretthalde verdiane i områda, samt sjå samanhengen mellom land og sjø. Det har vore ei målsetnad at retningslina skal vera relativt presis, samstundes som den skal opna for lokal planlegging og forvaltning. Fleire innspel peikar på at det er ønskjeleg å presisere omgrepet *større tekniske inngrep* ytterlegare. Intensjonen er å avgrense nye, større tiltak som medfører terrenginngrep med betydelege nær- og fjernverknader. Slike nye tiltak vil redusere dei fire fagtema sin verdi. Samstundes opnar retningslina for at eksisterande tiltak kan nyttast vidare. Retningslina samsvarar også med intensjonen bak retningsline 6.8 under plantema strandsone «*Utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert. Større samanhengande inngrepsfrie område bør haldast fri for nye tiltak*».

Fiskeriinteresser

Nokre høyringspartar peikar på at det er viktig i slike planprosessar at ein ikkje lar eitt eller nokre få tema få føremøner til kystsona på kostnad av andre etablerte næringar i området, til dømes akvakultur på kostnad av fiskeriinteressene. Kystfiskeria er avhengig av at dei naturgjevne stadene blir ivaretekne i plansamanheng, til dømes trålfelt, gyte-, oppvekst- og fiskeområde, låssettingsplassar, ålegras, tare. Nokre peikar på at det er viktig med ei god oppdatering av datasetta knytt til trålfelt og låssettingsplassar for å sikra arealtrongen for fiskarane. Det vert framheva at det er viktig å samordna planlegging i sjø og på land, og at ikkje landområda vert planlagt slik at dei kjem i konflikt med viktige område for fiske eller akvakultur.

Fiskeridirektoratet har fleire konkrete innspel knytt til planomtale og retningsliner, der dei ønskjer å styrka villfisk- og fiskeriinteressene.

Kommentar/tilråding:

Det har vore ei klår målsetnad med kystsoneplanen å finna ein god balanse mellom bruk og vern, men òg mellom ulike bruksinteresser. Dette er mellom anna gjort gjennom

arealanalysen der ein har analysert dei ulike interessene i planområdet, og vurdert om dei kan kombinerast med akvakultur (grøne område) , om dei ikkje kan kombinerast med akvakultur (raude område), eller om dette er ei vurderingssak (gule område).

I plankartet til høyring er gyteområde i sjø, naturtypar med verdi A og ålegrasførekomstar synt som arealsone naturmangfald i sjø. Elles er fiskeriinteresser synt som kombinerte arealsoner som inkluderer fiskeri. Regionalt viktige fiskerihamner er synt som punkt. Fiskeriinteressene er elles ivareteke i arealanalysen som definerer aktuelle område for akvakulturlokaltetar.

Fiske kan som regel kombinerast med anna arealbruk, med nokre unntak knytt til faste installasjonar på sjøoverflata eller på sjøbotnen.

Det er ikkje naturleg å synleggjere alle fiskeområde med passive eller aktive reiskap i det regionale plankartet, då dette vil gjere plankartet svært detaljert og lite lesbart. Ei ytterlegare prioritering mellom interessene må gjerast i kommuneplanlegginga. Det er i tillegg ein del usikkerheit kring registreringane, og ein har difor valt å framheve dette i handlingsprogrammet. Det er i handlingsprogrammet poengtert behov for oppdatering og evaluering av kartfesta trålfelt, samt kast- og låssettingsplassar.

I vurdering av større samanhengande akvakulturområde er reke-trålfelt nytta aktivt som ei avgrensing av område i kombinasjon med akvakultur. Det er allereie nokre reke-trålfelt som er splitta opp av eksisterande anlegg. Det vil verta vurdert å synleggjere registrerte reke-trålfelt i plankartet med arealsone Fiskeri. Førekomst av reke er knytt til særskilt type botnhabitat og rekebestanden har difor relativt avgrensa leveområde. Det er også i desse områda det vert drive reke-tråling.

Parallele prosessar – nye kartleggingar.

I løpet av høyringsperioden for kystsoneplanen har Fiskeridirektoratet sendt ut eit høyringsnotat med forslag om beskyttelse i forskrift av mellom anna to nye korallområde i planområdet. Dette vernet omfattar eit forbod mot alle former for fiske. Dei aktuelle områda er Straumsneset i Langenuen og Nakken ved Huglo.

Havforskningsinstituttet (HI) har nyleg publisert ein rapport (april -16) om effektar av utslepp frå akvakultur på spesielle marine naturtypar, raudlistehabitat og artar (rapport nr. 8 2016). Rapporten er ein kunnskapsstatus knytt til tematikken, og peikar mellom anna på område der det krevst meir kunnskapssamling og forskning.

Kommentar/tilråding:

Innføring av nye korallområde og forskningsrapportar er døme på prosessar som skjer parallelt med arbeidet med kystsoneplanen. I kva grad slike prosessar og rapportar får direkte innverknad på kystsoneplanen må vurderast i kvart enkelt tilhøve, og ein må samstundes vurderast om det er naudsynt å revidera plankart, plandokument eller metodisk grunnlag på bakgrunn av nye moment.

2.3 Akvakultur

Generelt

Fleire kommunar meiner at kystzoneplanen gir føreseielege rammer for utviklinga av akvakulturnæringa, og ser det som positivt at planframlegget totalt sett gir rom for vekst og kapasitetsauke i næringa. Nokre kommunar meiner òg at det er naudsynt å avgrensa område for oppdrett for å gi ei berekraftig utvikling, og at dette kan gjerast ved å utvida biomasse i enkelte område, og leggja ned andre lokalitetar, slik planframlegget legg opp til.

Fleire næringsaktørar har fokus på at fiskeoppdrett er matproduksjon, og det bør vera eit mål å ta vare på mest mogleg areal som er eigna for produksjon av mat, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. På bakgrunn av dette perspektivet stiller fleire næringsaktørar seg kritiske til at det synest å vera lagt opp til at andre aktivitetar og næringar vert gitt føremoner framfor akvakulturnæringa, og at annan aktivitet må vernast mot akvakulturnæringa. Fleire meiner at matproduksjon i sjø i større grad burde vore ein parallell til matproduksjon på land, og dei tiltaka i landbruket som vert sett i verk for å verna matjord. Det har kome innspel på at det må gjennomførast ei konsekvensutgreiing i eit matperspektiv for dei lokalitetane som i planen ikkje blir gitt høve til å få auka kapasitet/moglegheit for utviding.

Fleire høyringspartar peikar på at kystzoneplanen ikkje tek godt nok omsyn til at Sunnhordland og ytre Hardanger skal vera med på å realisera og utvikla norsk matproduksjon. Det vert peika på at den veksten som er signalisert, mellom anna i Vekstmeldinga, har som føresetnad at selskapa har nok lokalitetar som kan ta i mot auka biomasse. Fleire næringsaktørar meiner at kystzoneplanen ikkje er fleksibel nok, og ikkje godt nok tilpassa utvikling og produksjonsauke. Det vert peika på at planen klårt må syna og vera eit verktøy for at akvakulturnæringa og matproduksjonen kan aukast, og ikkje vera eit verktøy for å konservera og reversera ei vidare utvikling. Fleire høyringspartar er urolige for at kystzoneplanen er med på å gjera oppdrettsverksemda i regionen mindre konkurransedyktig enn andre regionar langs kysten. Nokre peikar på at planområdet allereie er hefta med fleire særlover. Fleire aktørar minner om at det er viktig å vurdera samla alle tre greinene av berekraft; både økonomisk, sosial og miljømessig, og meiner at planframlegget har for stort fokus på det miljømessige.

Ein del høyringspartar stiller seg på den andre sida sterkt kritisk til planarbeidet og akvakulturnæringa, og meiner dette er ein plan for oppdrettsnæringa. Det vert mellom anna peika på at oppdrettsnæringa ikkje er berekraftig, at næringa har betydeleg miljøpåverknad, og at planframlegget einsidig legg til rette for vekst innan havbruksnæringa, utan å ta omsyn til villaks og sjøaure.

Rogaland fylkeskommune stiller spørsmål ved formuleringa i retningslinene om at kommunane må gjera ei heilskapleg vurdering av behovet for akvakulturområde, og meiner at den heilskapelege vurderinga av trongen for areal bør gjerast på eit regionalt nivå.

Kommentar/tilråding:

Ein har i prosessen med kystzoneplanen forsøkt å etablere ein god balanse mellom bruk og vern av sjøområda, og finna det rette nivået når det gjeld graden av detaljstyring av den arealavklaringa kommunane skal gjera i neste runde, på bakgrunn av plankart og retningsliner i den regionale planen. Det er avsett totalt sett meir areal til akvakultur i planframlegget enn det som ligg opphavleg i kommuneplanane innanfor det aktuelle området. Samstundes er alle eksisterande lokalitetar gitt høve til ei viss grad av utviding der dette ikkje kjem i konflikt med andre viktige interesser. På den andre sida har ein vald å setje av område som omsynssoner, for å ivareta interessene knytt til regionalt viktige område for landskap, friluftsliv, natur og kulturminne. Totalt sett gir dette eit planframlegg som er føreseieleg, og der ein har tatt nokre konkrete grep for å avklara balansen mellom bruk og

vern i ein del område. Samstundes er planen fleksibel, og gir kommunane høve og handlingsrom til å vurdere lokale tilpassingar der det er hensiktsmessig.

Næringa har gjennom prosessen blitt invitert til å koma med innspel på lokalitetar som dei ønskjer avsett til akvakultur. Det har vore opning for dette i den vanlege høyringsrunden, men det har òg blitt sendt ut invitasjon spesielt til aktørane i planområdet med oppmoding om å spela inn aktuelle område. Nokre lokale aktørar har kome med innspel på lokalitetar i høyringsrunden, mens andre har valt å ikkje koma med arealinnspele, moglegvis av strategiske årsaker. Alle innkomne arealinnspele er vurdert opp imot dei same kriteria som eksisterande lokalitetar. Etter høyringsrunden har ein i tillegg vurdert alle akvakulturområda som er avsett i kommuneplanane i området. Desse er vurdert på lik linje som eksisterande lokalitetar, dvs. med omsyn til andre aktuelle interesser i nærleiken definert i grøn, gul eller raud sone.

Det er viktig å setja av nok areal til akvakultur i planområdet. Det er likevel viktig å hugse på at sjøområda er dynamiske og tredimensjonale, og ein aktivitet som akvakultur vil påverka tilstøytande område i sjø i stor grad. Dette gjeld både forureining, gjødsling, og eventuell rømming av fisk. Arealbruken i sjø kan difor ikkje samanliknast direkte med arealbruk på land. Sjøområda er dessutan ikkje underlagt privat eigedomsrett, noko som òg er ein viktig skilnad i høve til landområda og bruken av dei. Det har likevel vore intensjonen med planen å setja av tilstrekkeleg areal til akvakultur, både til tradisjonell og ny teknologi.

Parallele prosessar- Vekstmeldinga

Parallelt med prosessen knytt til kystsonenplanen har «Vekstmeldinga» (Meld. St. 16 (2014-2015) – Forutsigbar og miljømessig berekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett) blitt utarbeidd og lagt fram. Hovudmålet med denne meldinga har vore å drøfte korleis Noreg kan auke verdiskapinga basert på føreseieleg, berekraftig vekst og betre miljøtilpassing i oppdrettsnæringa. Meldinga føreslår å dela inn kysten i produksjonsområde. Dette er skildra som eit overordna, strategisk grep for framtidig forvaltning av akvakulturnæringa. Miljøstatusen i kvart produksjonsområde skal vera avgjerande for om produksjonskapasiteten i området skal endrast eller ikkje. Det har blitt påpeika i høyringa av kystsonenplanen at det er uheldig å vedta planen før ein har oversikt over korleis regelverket og forvaltninga i næringa vil sjå ut i framtida, særleg med omsyn på etablering av produksjonsområde. Havforskningsinstituttet kom med forslag til inndeling av kysten i produksjonsområde i november 2015. Forslag til produksjonsområde skal sendast på høyring i mai/juni 2016, og høyringsforslaget vil samstundes vurdere om det er geografiske område som ikkje bør vera del av eit produksjonsområde.

Kommentar:

Når det gjeld Vekstmeldinga er dette eit dokument som vil vera styrande for akvakulturnæringa i åra framover. Det er likevel lite overlapp mellom meldinga og kystsonenplanen. Kystsonenplanen legg ingen føringar for drift av akvakulturanlegg, og vekstmeldinga fokuserer ikkje på den konkrete arealsituasjonen. Arbeidet med å koma fram til produksjonsområde spring ut frå Vekstmeldinga. Dette er eit forsøk på å dela inn kysten i soner som skal fungera som einingar for endring av kapasiteten i næringa etter ein handlingsregel. I forslaget til Havforskningsinstituttet på 11-13 produksjonsområde havnar heile planområdet for kystsonenplanen i den same sona, som går frå Karmøy til Sotra. Dersom desse sonene skulle bli endra i framtida, og dette får direkte konsekvensar for lokalitetsstrukturen vil det vera naudsynt å revidera planen.

Frå akvakulturanalyse til regional plan

Fleire høyringspartar meiner at akvakulturanalysen gir ei god oversikt over rammevilkåra for akvakultur. Fylkesmannen presiserer at analysen er ei god fagleg oppsummering av sterke og negative sider ved akvakulturnæringa, og vil vere eit godt hjelpemiddel og utgangspunkt

når kommunane skal gjere konsekvensvurderingar i samband med utforming av arealplanane i sjø.

Enkelte høyringspartar meiner at akvakulturanalysen i svært liten grad bidrar til å ivareta miljøet, og at analysen konkluderer generelt sett med at miljøproblema er avgrensa og at kunnskapsgrunnlaget i dag er for dårleg til å ta omsyn til dette. Nokre høyringspartar etterlyser bruk av referansar i teksten.

Nokre næringsaktørar meiner at analysen går for langt i å konkludera med at det i dag ikkje er rom for vekst på grunn av utfordringar med lus og rømming. Det vert vist til at kystsoneplanen blir farga av konklusjonane i analysen, slik at Hardanger og Sunnhordland framstår som eit intensivt oppdrettsområde med mange utfordringar og lite potensiale for vekst dei neste åra.

Lingalaks, Eide Fjordbruk og Tombre Fiskeanlegg har fått laga ein eigen rapport som eit innspel til kystsoneplanen. Rapporten har blitt kalla «Gjøvikrapporten», forfatta av rådgjevar Jan Arve Gjøvik. Fleire oppdrettselskap som har gitt egne uttalar refererer til denne.

Gjøvikrapporten er omfattande og omtalar i hovudsak problemstillingar rundt lakselus og rømming av laks (genetisk forureining). Rapporten er sterkt fagleg orientert, og stiller i særleg grad spørsmål til Havforskningsinstituttet sine vurderingar og konklusjonar når det gjeld konsekvensane for villfisken som følge av påverknad frå lakselus og genetisk påverknad på villfiskstammer i elvane. Det vert også fremja at oppdrettsnæringa i liten grad bidreg til desse problema.

Kommentar/tilråding:

Det er utarbeida ein frittstående akvakulturanalyse i samband med planarbeidet. Hovudfokus i rapporten er på oppdrettsartane laks og regnbogeaure. Akvakulturanalysen synleggjer mellom anna oppdrettsnæringa sine utfordringar og moglegheiter frå ulike perspektiv, og samanfatar dagens situasjon og forvaltningspraksis i planområdet. Rapporten konkluderer tydeleg med at det ikkje er grunnlag for å gjere vesentlege endringar i dagens lokalitetsstruktur. Den peikar på at det generelt er ønskjeleg å auke produksjonsvolumet på gode lokalitetar og fjerne dei dårlegare lokalitetane. Dette gir ei retning mot større og færre lokalitetar, noko som også næringa sjølv ser positivt på og jobbar mot. Vidare syner rapporten til at dei utfordringane næringa har i dag må løysast gjennom teknologisk framsteg, driftsmåtar og forvaltning. Dette er tilhøve som ikkje kystsoneplanen kan løyse.

Akvakulturanalysen er ein samanfating av kjent kunnskap. Det har ikkje vore ein del av bestillinga å vurdere dagens forskingsresultat og deira validitet. Det har difor vore naturleg å nytta kjent og akseptert forskingsresultat/rapportar frå nasjonale aktørar som til dømes Havforskningsinstituttet (HI), Veterinærinstituttet og Uni Resarch.

Det er viktig å presisere at dei arealmessige konklusjonane som ligg i kystsoneplanen ikkje er direkte påverka av konklusjonane i akvakulturanalysen. Dette skuldast mellom anna at det ikkje er funne så sterke samanhengar mellom til dømes lokalisering av eksisterande anlegg og luseproduksjon, at det er grunnlag for å tilrå nedlegging av lokalitetar. Det er såleis andre interessekonfliktar som påverkar kva areal som er tilrådd sett av til akvakultur i planen. Det har heller ikkje vore intensjonen at akvakulturanalysen skal nyttast for å vurdere om produksjonen i planområdet skal aukast eller reduserast. Slik regulering skal gjerast etter anna lovverk enn plan- og bygningslova.

Det er også viktig å presisera at sjølv om det er sett av areal i kystsoneplanen til akvakulturføremål, så er det anna lovverk som regulerer kor vidt området kan nyttast i oppdrettssamheng og eventuelt kor stor produksjon som kan leggast til dei ulike områda.

Konklusjonen i Gjøvikrapporten står i sterk kontrast til det som er gjeldande allmenn oppfatning rundt desse problemstillingane, konklusjonar som også forvaltninga styrer etter. Akvakulturanalysen er i hovudsak basert på forskingsresultat som mellom anna HI har publisert. Dette gjeld mellom anna vurderingar rundt dødelegrisiko for villfisk innan planområdet som følge av lus. Det er også viktig å presisera at Stortingsmelding 16 som skildrar føreseieleg og miljømessig berekraftig vekst, baserer reguleringa av produksjonen nettopp på lus som miljøindikator.

Då Gjøvikrapporten på mange måtar er ein rapport som stiller spørsmål ved gjeldande praksis basert på anerkjente forskingsmetodar, finn vi det rettast å ikkje kommentera detaljar i denne. Denne diskusjonen bør etter vår meining gå mellom forskingsmiljøa. På den andre sida synest fylkeskommunen det er positivt at akvakulturanalysen bidreg til diskusjonar kring viktige tema som det er ulikt syn på.

Akvakultur i plankart

Arealsoner inkludert akvakultur

Fleire høyringspartar, både kommunar og næringsaktørar, ønskjer bruk av kombinerte arealsoner med akvakultur (fleirbruksområde), og peikar på at fleirbruksområde gir ein større fleksibilitet enn reine AK-område. For oppdrettsnæringa er fleksibilitet viktig for kunne optimalisere anleggsstrukturen slik at ein kan handtera ein forventta vekst i biomasse dei neste åra. Andre er derimot positive til differensieringa som er gjort i plankartet og meiner dei gir tydelege signal på om areala er arealmessig eigna. Den metodiske tilnærminga for å finne areala er også positivt omtala av desse aktørane.

Ved bruk av større fleirbruksområde med akvakultur kan lokalitetane justerast utan å søkja dispensasjon. Særleg er dette sentralt dersom avstand mellom to lokalitetar eller AK-område i planen er under 5 km. *Avstandsregelen* til Mattilsynet er ein faktor som påverkar konkret nytte- og bruksverdi av AK-områda i regionalplanen. Nokre aktørar peiker på at det ikkje er rom for å søke på nye lokalitetar i dei større avsette AK-områda som t.d. erstatning for lokalitetar som i dag ligg i område der det ikkje er opna for utviding.

Nokre høyringspartar er dels negative til at arealsonene/-føremåla som er sett av i kartet inkluderer areal til eksisterande fortøyingar, og meiner at dette gir mindre høve til å justere på anlegg eller fortøyingar. Dei ønskjer på bakgrunn av dette større areal, som såleis gir større fleksibilitet.

Kommentar/tilråding:

Sjøområda er ein del av den norske allmenningen, og all næringsverksemd i sjø og på hav føreset at utøvarer er gitt løyve frå norsk mynde til utøvinga. For akvakulturnæringa blir det gitt konsesjon etter sektorlovverk. Med allmenningen som bakteppe er det særleg behov for å planlegge sjøområda slik at ein skaper ein berekraftig balansegang mellom bruk og vern. For å kunne gi konkrete arealavklaringar er det behov for å prioritere mellom interesser, og i arealsamheng avsette arealsoner eller føremål som gir einbruk. I regionplanen er det difor utarbeida eit regionalt plankart som avsett einbruksområde der det er klart kva som skal prioriterast og fleirbruksområde der det enten ikkje er avklart kva som skal prioriterast eller at interessene kan kombinerast.

I regionalt plankart er både kombinerte arealsoner (*fleirbruk*) og reine arealsoner (*einbruk*) nytta. Det er eit medvite val for å gi tydeleg signal om kva område som er arealmessig avklart og ikkje. Den metodiske tilnærminga er gjennomført på eit overordna nivå tilpassa regionalt og til dels kommunalt nivå. Lokale tilpassingar, avklaringar og prioriteringar av areala i regionalplanen må gjennomførast på kommuneplannivå. Dette omfattar både storleik på areal, lokalisering og val av type arealføremål.

Plan- og bygningslova gir høve til å avsette areal til akvakultur gjennom kombinasjonsbruk eller *einbruk*. Retningslinene tilrår at det i hovudsak vert nytta areal for *einbruk* akvakultur for eksisterande anlegg. Fylkeskommunen ser behov for å planlegge sjøområda i større grad, og det er generelt ønskeleg å avklare bruk av sjøareala som har eksklusiv arealbruk. Konkret avklaring mellom interesser kan berre gjerast dersom det vert nytta *einbruk areal*.

Det er samstundes eit klart behov for fleksibilitet knytt til akvakulturnæringa sitt arealbehov utover dagens situasjon, ikkje minst på grunn av at det er anna lovverk som regulerer næringa. I arealplanlegginga bør det difor vurderast behov for fleksibilitet, framtidig behov og justering av eksisterande anlegg. Plankartet har valt å syne fleksibilitet gjennom utvida areal som *fleirbruksareal* inkludert akvakultur. Lokal tilpassing og areal for fleksibilitet må utdjupast vidare i kommunale planar.

Plan- og bygningslova gir også høve til planlegging av vassflate, vassøyle og botn, samt kva artsgruppe eller eventuelt ein kombinasjon av artar som kan etablerast. Det er valt å ikkje gå i detalj og differensiere areala i regionalplanen for verken vertikalnivå eller type art. Dette vil vera ein naturleg del av det detaljnivået som skal avklarast på kommuneplannivå.

I kystzoneplanen er det ikkje teke omsyn til om lokaliteten er eigd av lokale selskap eller av nasjonale selskap, og heller ikkje avstandsregelen mellom anlegg. Krav til avstand mellom anlegg vil vera vurdert av mattilsynet som ein del av konsesjonssøknaden, og dei lokale tilhøva vert avklart i denne prosessen. Areal til akvakultur er ikkje avsett til spesifikke selskap, og det er førstemann til mølla prinsippet som gjeld. Det er klart at dagens lokalitetsstruktur kan gi delvise avgrensingar for om dei utvida areal er aktuelle for nye anlegg. Det vert difor også vurdert å implementere eksisterande akvakulturføremål i gjeldande kommuneplanar og innspel til kystzoneplanen i plankartet. Sjå kapitel under.

Arealanalyse til plankart

Det er etterlyst ei vurdering i plandokumentet av på kva grunnlag plankartet er utarbeidd, og ei tydeleggjing av tilhøvet og vektinga mellom akvakulturanalysen og vurderinga av dei ulike bruks- og verneinteressene.

Det vert og synt at dei metodiske tilnærmingane som er gjort i kartlegginga i planen ikkje kan nyttast då alt er sett opp og slått saman i karta. Dette gjer det vanskeleg å finna ut kvifor ein del område vert sett på som ueigna.

Kommentar/tilråding:

Som nemnt i tidlegare avsnitt er det utarbeida ein frittståande akvakulturrapport i samband med planarbeidet. Hovudfokus i rapporten er på oppdrettsartane laks og regnbogeaure. Rapporten konkluderer tydeleg med at det er ikkje grunnlag for å gjere vesentlege endringar i dagens lokalitetsstruktur.

For å finne areal som gir moglegheit for utvikling for akvakulturnæringa er det gjennomført ei interesseavklaring knytt til arealbruk mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser, der dei ulike interessene er prioritert og vekta opp mot kvarandre (arealanalysen). Arealanalysen tek utgangspunkt i kjente registreringar med verdisetting og metode utvikla som ein del av planarbeidet. Bakgrunns materialet for analysen er stort og det har vore viktig i prosessen å gjera desse tilgjengeleg og opne for å kunne gjera arbeidet transparent og etterprøvbart i ein digital kartportal. Det er utarbeidd eige metodevedlegg til kystzoneplanen.

Vidare er det gjennomført ei individuell vurdering av kvar enkelt eksisterande lokalitet i høve til potensiale for utviding og kor godt eigna lokaliteten er med omsyn til eksisterande og omkringliggende arealbruk. I vurderingane er det også teke omsyn til ønske om større og samanhengande areal til akvakultur, der det er arealmessig gunstig enten å fortette med

fleire anlegg eller auke biomasse på eksisterande anlegg. Større areal som opnar for akvakultur vil også gi fleksibilitet i høve til endring eller justering av eksisterande lokalitet.

Eignaheit med omsyn til naturgitte tilhøve, som til dømes straum, krev detaljert oversikt over lokale tilhøve, og dette er ikkje tatt omsyn til i analysen. Regionalplanen er ein overordna plan som er retningsgivande, og detaljerte spørsmål og avklaringar må gjennomførast på lokalt nivå. I konsesjonssøknad for akvakulturanlegg skal det gjennomførast ei grundig vurdering basert på lokale tilhøve før lokaliteten eventuelt vert godkjent. Samstundes må utviding og nye område klargjerast gjennom kommuneplanens arealdel eller gjennom dispensasjon. Det er naturleg at dei naturgitte tilhøva vert vurdert og avklart i desse prosessane.

Overføring av resultat frå analysen til plankartet i høyringa tek utgangspunkt i eksisterande akvakulturlokalitetar og dagens plassering (matfisk, skaldyr og andre artar, stamfisk og slaktermerd). Basert på uttalar til høyringa vert også eksisterande akvakulturføremål i gjeldande kommuneplanar vurdert etter same metodikk, sjå neste avsnitt.

AK-område i kommuneplan

Fleire næringsaktørar og kommunar peikar på at dei områda som er avsett til akvakultur i kommuneplanane må inkluderast i plankartet i kystsoneplanen.

Kommentar/tilråding:

Grunnlaget for å fastsette arealsoner til akvakultur i høyringsforslaget har vore eksisterande akvakultur-lokalitetar med dagens utforming og fortøyingar. Merknadene vert teke til etterretning, og eksisterande avsette akvakulturområde i gjeldande kommuneplanar vil verta vurdert etter same metodikk og framgangsmåte som eksisterande akvakulturlokalitetar. Dei områda som ikkje er i konflikt med bruks- eller verneinteresser vil verta inkludert i plankartet.

Arealinnspel til konkrete lokalitetar

Fleire aktørar, både næringsaktørar, privatpersonar og kommunar har kome med konkrete arealinnspel til plankartet. Dette omfattar nye areal, utviding av eksisterande lokalitetar, større samanhengande areal og buffersone utanfor landanlegg. Andre innspel går på å fjerne eller redusere arealsoner for akvakultur og endring av arealsonene sitt føremål (*fleirbruk – einbruk*).

Kommentar/tilråding:

Grunnlaget for å fastsette arealsoner til akvakultur i høyringsforslaget har vore eksisterande akvakulturlokalitetar med dagens utforming og fortøyingar. Dei konkrete arealinnspela vil vurderast nærare før framlegg til vedtak. Ein vil vurdere dei konkrete arealinnspela etter same metodikk og framgangsmåte som eksisterande akvakulturlokalitetar. Dei områda som ikkje er i konflikt med bruks- eller verneinteresser vil verta vurdert teke med revidert plankart.

Akvakultur og regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur

Fleire næringsaktørar meiner at regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur er for omfattande vektlagt. Fleire høyringspartar tilrår at etableringa av områda vert konsekvensutgreidd, og nokre tilrår at ein unngår å nytte omsynssoner i planen. Fleire nemner at dei vanskeleg kan sjå korleis oppdrettsaktiviteten kan verka negativt inn på dei verdiane som ligg til grunn for etablering av områda.

Deler av næringa fryktar at regionen vil kome negativt ut i arbeidet med å utvikla seg vidare, blant anna som ei følgje av føreslegne marine verneområde og omsynssoneavgrensingar i regional kystsoneplan. Vidare er ein redd for at omsynssonene kan føra til ein reduksjon i

syssetjing og bortfall av verdiskaping i enkelte lokalsamfunn, noko som i ytste fall kan truge busetnad og tenestetilbodet til innbyggjarane.

Med innføring av omsynssonene meiner nokre høyringspartar at matproduksjon i sjø ikkje vert sett på som like viktig som dei verdiane ein har lagt inn i omgrepet *omsynssone*. Nokre næringsaktørar ser dette som eit teikn på at ein i større grad ønskjer å konservera enn å skapa utvikling. Næringa ynskjer generelt at det skal vera lov å utvide og etablere område for matproduksjon i desse områda også.

Kommentar/tilråding:

Syner også til tidlegare avsnitt om regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur i kapittel 2.2.

Føremålet med planarbeidet har vore å skapa ein god balanse mellom bruks- og verneinteresser i planområdet. Det er ei føremon både for næring og forvaltning å ha føreseielege rammer. Dette har ein freista å få til i planframlegget ved å setja av konkrete område til akvakultur, og samstundes definera område der det er andre faktorar som skal prioriterast, m.a. innanfor omsynssonene. På denne måten vil det vera lettare både for næring og forvaltning å prioritera arealbruken i dei ulike delane av planområdet. Dei regionalt viktige områda er definert utelukkande på grunnlag av dei registrerte verdiane som ein ønskjer å ta vare på innanfor landskap, natur, friluftsliv og kulturminne/-miljø. Det er ikkje vurdert eigarstruktur eller lokalisering av oppdrettsselskap i områda.

Som det står i kap. 2.2 Berekraftig kystzoneplanlegging, vil ein på nytt vurdere avgrensinga av områda definert som regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur. Det kan verta behov for ein gjennomgang av akvakulturlokalitetane som eventuelt vert liggjande utanfor dei regionalt viktige områda etter revisjonen. Desse vil då verta vurdert opp mot datagrunnlaget for arealanalysen, og utvida om det ikkje er andre interesser som gjer utvidinga problematisk.

I plankartet som låg til høyring var det totalt 29 eksisterande akvakulturlokalitetar innanfor dei 14 regionalt viktige områda. Desse lokalitetane er fordelt på 16 laks- og aurelokalitetar, 7 marine artar lokalitetar og 6 skjel- og tarelokalitetar. Totalt i planområdet var det til høyringa 180 lokalitetar fordelt på dei 12 kommunane planen omfattar.

I analysen av akvakulturlokalitetar er det ikkje teke omsyn til om lokaliteten er eigd av lokale selskap eller av nasjonale selskap. Regional plan er ein overordna plan som gir retningsgivande føringar for kommunal planlegging, og dersom det er tilhøve som skal tilleggast stor vekt lokalt må dette fremjast som ein del av arealplanlegginga på kommunenivå. Dei samfunnsmessige konsekvensane må avklarast på kommunalt nivå.

Akvakultur og marine verneområde

Det har blitt uttrykt skepsis frå næringsaktørar til at dei to områda som er føreslått som «marine verneområde» er lagt inn i planen med ein føresetnad om at dei truleg vert verna. Det vert etterlyst at regionale styresmakter stiller spørsmål ved sjølve utpeikinga og legg klare føringar for kva dei sjølve ønskjer at desse områda skal ha av innhald. Det vert peika på at store dyrkingsareal i sjø vert utradert med eit pennestrok, og det vert peika på at det bør føreliggja ein konsekvensanalyse.

Kommentar/tilråding:

Marin verneplan, som mellom anna inkluderer dei to områda føreslått som «marine verneområde» i kystzoneplanen, er ein eigen prosess uavhengig av kystzoneplanen. Det er Fylkesmannen i Hordaland som driv denne prosessen. Det er uklart korleis føringane for bruk og vern av desse områda vil bli, men intensjonen i planframlegg til regional plan var eit føre-var-prinsipp fram til nærare avklaringar er gjort.

Det har i planfasen vore noko usikkerheit knytt til nye teiknereglar for regionalplan, og i kva grad dei opnar for å kunne nytte omsynssoner som til dømes omsyn for landskap og bevaring naturmiljø (PBL § 11-8, 3. avsnitt bokstav c.). I samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet i høyringsperioden er ein komen fram til at omsynssoner ikkje er rett plangrep for regionale planar. Omsynssonene for bevaring naturmiljø (marine verneområde) i plankartet vert difor teke ut. Det er ikkje naturleg å nytte arealsone som erstatning for omsynssonene. Konsekvensen av dette er at forslag til marine verneområde ikkje vert synleggjort i revidert plankart.

Lokalisering av anlegg og lokale tilhøve

Forvaltning av næringa

Ein del høyringspartar stiller spørsmål ved om utfordringar knytt til lakselus, rømming og sjukdomar vert løyst eller forbetra ved hjelp av denne planen. Samstundes er det fleire næringsaktørar som peikar på at utfordringar kring lus og rømming vil verta løyste av næringa sjølv, og at dette skal regulerast gjennom sektorlovverk, ikkje i plansamanheng. Fleire aktørar peikar rett nok på at kystzoneplanen ikkje er meint som eit middel for å regulera produksjonen i havbruksnæringa.

Kommentar/tilråding:

Hovudkonklusjonen frå akvakulturanalysen er at nedlegging eller fjerning av lokalitetar i regionen i liten grad vil påverke eller løyse dagens utfordringar i oppdrettsnæringa. Samstundes syner analysen at ei betre samordning av brakkleggingssoner og tidspunkt for avlusing vil kunne betre situasjonen. Ein konsentrasjon av produksjonen på gode lokalitetar vil såleis bidra i positiv retning for å utvikle næringa i planområdet. Basert på konklusjonane i akvakulturanalysen vil den framtidige arealdisponeringa for akvakultur i området i første rekkje vera knytt til utviding av eksisterande lokalitetar, samanslåing av fleire lokalitetar til større oppdrettsområde, samt nye område.

Løyve etter anna lovverk enn plan- og bygningslova, tilhøve som vert avklart gjennom konsesjon og driftsmessige tilhøve, er ikkje vurdert i arbeidet. Ny teknologi og driftsmåtar er i ei rivande utvikling og mange av utfordringane i næringa vil verta løyst gjennom dette. Det har ikkje vore eit mål om å regulere produksjonen eller driftsmessige tilhøve i havbruksnæringa gjennom kystzoneplanen, samstundes som det er klart at arealtilgang er eit viktig moment i utviklinga. Det har heller ikkje vore eit føremål å løyse utfordringane knytt til lus og rømming. Analysar konkluderer også med at det er vanskeleg å sjå ein eintydig samanheng mellom dei ulike miljøutfordringane og den konkrete arealsituasjonen for akvakultur i planområdet.

Miljømessige tilhøve og eignaheit

Fleire høyringspartar, både kommunar og næringsutøvarar, peikar på at det er viktig at eignaheit vert lagt til grunn ved fastsetjing av område for akvakultur. Nokre er kritiske til at miljøtilhøve og eignaheit ikkje er lagt til grunn som ein del av vurderingane av dei einskilde lokalitetane i plankartet. Andre uttrykker forståing for at dei lokale miljøtilhøva ikkje er vurdert, men presiserer at eignaheit må avklarast i nærare detalj i samband med kommunal handsaming av eigne kystzoneplanar/kommuneplanar. Det vert peika på frå fleire aktørar at det trengst meir fleksibilitet i planen for å finna optimal plassering til anlegg på dei einskilde lokalitetane, i og med at eignaheit ikkje er lagt til grunn for avgrensinga av områda i utgangspunktet.

Fleire næringsaktørar peikar på at overordna mynde har kome med signal om at oppdrettarane skal satsa på dei beste lokalitetane, og fasa ut mindre og meir skjerma lokalitetar. Generelt skriv fleire aktørar at dei ynskjer å fjerna små og mindre eigna lokalitetar til fordel for større lokalitetar der vilkåra for auka produksjon er til stades. Dette vil gi større

avstand mellom lokalitetane, som igjen fører til færre lokalitetar og redusert fare for smittespreiing. Fleire poengterer at dei er midt i ein prosess for å endra på lokalitetsstrukturen og at planframlegget vil kunna medføra store utfordringar i høve til ny lokalitetsstruktur. Dei peikar på at den eksisterande og planlagde lokalitetsstrukturen er eit resultat av lange og grundige prosessar, og at kystsoneplanen ikkje gir rom for å vidareføra dette arbeidet. Nokre meiner at plankartet har fjerna fleire eksisterande lokalitetar sin moglegheit for utviding og innovasjon, og etterlyser ei konsekvensutgreiing når det gjeld bandlegging av godkjente og viktige lokalitetar.

Kommentar/tilråding:

Det ville vore ei klar føremon dersom ein hadde høve til å registrera alle relevante miljøtilhøve i planområde, for så å peika ut dei områda som er best eigna for akvakultur. Dette er diverre ikkje mogleg å gjennomføra for eit så stort område i ein regional plan. Tilgjengelege strømmålingar og modellering viser stor variasjon i straumtilhøva i Hardangerfjordsystemet, både når det gjeld styrke og retning på ulike djup. Straumbiletet i området er så komplisert at det vil vera uråd å generalisera biletet på ein slik måte at det kan nyttast i ein regional plan. Detaljerte strømmålingar og miljøundersøkingar må gjennomførast som ein del av søknad om løyve på nye lokalitetar eller ved utviding av eksisterande lokalitetar.

Det er ikkje differensiert i plankartet mellom ulike artar og ulike former for akvakultur. Ulike artar og driftsformer vil ha ulike behov når det gjeld miljøparametrar som straum- og oksygentilhøve, djupn, eksponeringsgrad etc. Det er difor heller ikkje eintydig kva som vil vera vurdert som ein god akvakulturlokalitet. Når det gjeld miljøtilhøve har ein i samband med akvakulturanalysen analysert miljøundersøkingar frå planområdet. Det har ikkje vore mogleg å konkludera ut frå desse analysane om nokre område innan planområdet er betre eigna enn andre til akvakultur. Ein har difor nytta andre kriterier for å finna område som kan vera aktuelle for akvakultur. Miljøtilhøva på dei enkelte aktuelle lokalitetane må sjekkast ved hjelp av strømmålingar og MOM B/C-undersøkingar, slik det vert gjort i dag gjennom prosessen med akvakultursøknad.

Eksisterande og ny teknologi

Fleire næringsaktørar peikar på at Noreg sitt konkurransefortrinn når det gjeld akvakultur er ei lang, skjerna kystline med god vasskvalitet som eignar seg til oppdrett i opne merdar. På bakgrunn av dette meiner fleire at det må vera større fokus på tradisjonell oppdrettsteknologi, og at det bør setjast av meir areal til tradisjonelle opne merdar. Nokre kommunar peikar på at det er positivt at planframlegget gir rom for bruk av ny og framtidretta teknologi, mens andre meiner at planframlegget manglar ei strategisk tilnærming, og tar i for stor grad utgangspunkt i eksisterande lokalitetsstruktur.

Ein del høyringspartar meiner at planen har for mykje fokus på lukka anlegg, og bør fokusera meir på utvikling av eksisterande teknologi. Andre meiner at lokalitetar for lukka anlegg i sjø er aktuelt for utviklinga i næringa, og at dette er for lite drøfta og vurdert i planframlegget. Nokre uttrykker eit ønskje om at kommunane kan leggja ut areal til postsmoltproduksjon i lukka merd i sjø, der infrastrukturen ligg til rette for slik produksjon.

Dei store områda som er avsett til havgåande akvakultur vest for Austevoll og Bømlo er generelt vurdert som lite aktuelle for akvakultur av høyringspartane, grunna sterkare straum og høgare sjø så tett ved kysten. Dersom ein skal ta i bruk ny teknologi og leggja anlegga vest av land vert det peika på at dette er meir aktuelt utanfor grunnlinja der forholda er betre enn tett på land. Fleire aktørar peikar på at teknologi som havmerdar i realiteten ikkje er ein del av kystsoneproblematikken, og bør ikkje vedkome dette arbeidet.

Kommentar/tilråding:

Føremålet med planarbeidet har mellom anna vore å sikra gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen. Planen har eit tidsperspektiv på tolv år. I høyringsframlegget er alle eksisterande lokalitetar for laks og aure i planområdet vurdert med omsyn til høve for utviding. Det er i tillegg vurdert høve til å etablera større område for akvakultur i område der det allereie er ein viss tettleik av anlegg.

Når det gjeld ny teknologi er det delte meiningar om realismen og tidsperspektivet for både lukka teknologi og meir havgåande akvakultur. Det er ikkje differensiert i plankartet kva for type akvakultur som kan etablerast, verken når det gjeld artar eller teknologibruk. Det kan til dømes vera høve til å etablera lukka anlegg innanfor område som i dag vert brukt til tradisjonell teknologi. Når det gjeld etablering av havgåande teknologi lenger ut i havet er dette tilhøve som ein ikkje kan ta stilling til i samband med denne planen, i og med at det vil vera utanfor planområdet. Det vil verta vurdert om arealsoner vest for Bømlø og Austevoll, som er tiltenkt ny teknologi i retning havgåande anlegg, skal takast ut av plankartet.

Andre artar

Sveio kommune peikar på at Akvakulturanalysen tek utgangspunkt i laks og aure og planen baserer seg i stor grad på denne analysen. Dei meiner at det ikkje kjem godt nok fram om avgrensinga av akvakulturområde i plankartet og omfattar andre fiskeartar og skjelførekomstar, og om planen er representativ for alle artar. Fleire høyringspartar fokuserer på andre artar enn laks og aure, og meiner at det må setjast av større areal til oppdrett av nye/andre artar. Både, blåskjel, tare og polykulturar blir nemnd, og det vert peika på at til dømes tare dyrking vil krevje at større område blir regulert til akvakultur enn det vi ser i dagens arealplanar.

Kommentar/tilråding:

Tema akvakultur i regionalplanen er definert i planprogrammet med mellom anna ønske om å lage ein struktur for lokalisering av akvakulturområde som skal synleggjerast i plankart. Dette gjeld for alle typar akvakultur (artar og teknologi). Planprogrammet har også definert at det var behov for å utarbeida eigen akvakulturanalyse med fokus på artane laks/aure i sjø. I akvakulturanalysen er difor andre artar i liten grad omtalt.

For andre artar enn laksefisk er alle eksisterande lokalitetar vidareført i plankartet slik lokaliteten er godkjent i dag. Det er ikkje skilt på artar i plankartet, og alle akvakulturområde er såleis opne for bruk til alle former for akvakultur. Bakgrunn for dette er at ulike artar og driftsformer vil ha ulike behov når det gjeld miljøparametrar som straum- og oksygentilhøve, djupn, eksponeringsgrad etc., og at dette må avklarast i kommuneplanar eller gjennom konsesjonssøknadar.

2.4 Sjøtransport og maritim næring

Fleire høyringspartar framhevar at det er positivt at sjøtransport og maritim næring er eit deltema i kystsoneplanen, og at interessene knytt til desse temaa er godt ivaretekne i planframlegget. Det vert peika på at det er positivt at det er registrert og kartfesta regionalt viktige næringsområde til sjø. Fleire høyringspartar kommenterer at farleier og andre maritime interesseområde som riggområde, opplagsområde og hamner, inkludert større fiskerihamner er godt forankra i planframlegget, Det vert peika på at det er viktig at farleiene vert sikra i planframlegget. Det vert vist til at sjøtransport og maritim næring er tilstrekkeleg og godt omtala i planframlegget, og at det såleis gir eit godt grunnlag for kommunane til å ivareta desse interessene vidare i sine kystsoneplanar.

Kommentar:

Sjøtransport og maritim næring har vore eit av dei fire fagtema i planen. Interessene er framheva i plankartet med arealsone kystsone, og temalag er nytta som bakgrunnsmateriale i arealanalyser. Ei ytterlegare prioritering mellom interessene er noko som må takast opp i

kommuneplanlegginga. Det er noko usikkerheit kring registreringane, og ein har difor valt å framheve dette i handlingsprogrammet. Det er i handlingsprogrammet poengtert behov for å kartlegge område i sjø til maritim næring basert på næringa sitt behov (rigg, ankring, opplag, testområde med meir).

2.5 Strandsone

Fylkesmannen i Hordaland og dei fleste kommunane som har gitt innspel til planarbeidet har merknadar til strandsonekapittelet. Fylkesmannen peikar på at det er viktig at dei regionale retningslinene gir dei overordna føringane for vurderingane av utviklinga i strandsona. For Fylkesmannen er det vidare viktig at fellestiltak og allmenne omsyn gjennomgåande skal prioriterast framfor det einskilde utbyggingstiltaket. Fylkesmannen meiner at dette kjem godt fram i planen, og må haldast på. Fylkesmannen er vidare nøgd med at kystsoneplanen trekker opp dei overordna linene for arealforvaltning i strandsona, og som er i samsvar med lova og dei statlege føresetnadane for tiltak i strandsona. Det vert føreslått to konkrete innstrammingar i retningslinene for strandsona.

Ein del kommunar er positive til strandsonedelen av kystsoneplanen. Bergen kommune peikar på at det er viktig å sikra tilgang for allmenta til strandsona, både frå land- og sjøsida. Stord kommune framhevar at retningslinene i stor grad er på line med eigen kommuneplan. Kvam peikar på at kommunen sine arealstrategiar for å få på plass den funksjonelle strandsona samsvarer i stor grad med prinsippa og retningslinene i planframlegget. Sveio kommune meiner det er positivt at planen opnar for ei differensiert strandsoneforvaltning tilpassa lokale tilhøve. Folkehelsekoordinatoren, barnas representant og kommuneoverlegen i Bømlo kommune legg til grunn at omsynet om tilgjenge for alle til friområde blir godt ivareteke, og poengterer at det er viktig at strandsona ikkje vert privatisert, slik at desse områda kan nyttast av allmenta til friområde.

Ein del kommunar trekk fram at det parallelt med kystsoneplanen har vore arbeidd med Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Det vert framheva at det er viktig at desse to planane ikkje er i strid med kvarandre, og at det er viktig å sikre føreseielege forventningar til kommunane slik at ikkje kommunane må tolke dei ulike plandokumenta. Nokre kommunar peikar på at føresegnar og retningsliner for strandsona ikkje er harmonisert i dei to planarbeida, og at det er strengare/meir restriktive formuleringar i kystsoneplanen. Fleire kommunar meiner at føresegnene i strandsoneplanen må vera førande og gjerast gjeldande òg i kystsoneplanen.

Nokre høyringspartar (Kongelig norsk båtforbund og Fiskarlaget Vest) er ikkje einige i tankar om å plassera naust vekk frå sjøkanten. Frå ein båteigar sin ståstad grensar eit naust til sjøarealet, og det bør ikkje vera fri ferdsel langs heile strandsona.

Kommentar/tilråding:

Proessen med den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland har til dels gått parallelt med den regionale kystsoneplanen. Føremålet, nivået og fokuset for dei to planane er likevel i stor grad ulikt. Skjeringspunktet mellom dei to planprosessane vil vera strandsona. Den interkommunale strandsoneplanen er i prosess, og det vil vera naturleg at avklaringar frå denne prosessen vert samkjørt med kystsoneplanen på ein god måte.

3 Oppsummering av skriftlege høyringsinnspel – med tilrådingar

3.1 Kommunar

9 kommunar samt Samarbeidsrådet for Sunnhordland har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden. Innspela er i mange tilfelle gitt i form av politiske vedtakspunkt med tilhøyrande saksutgreiing. Alle vedtakspunkt er tatt inn i tabellane under. Der utfyllande innspel er henta frå den kommunale saksutgreiinga er dette spesifisert.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Vedtak frå Samarbeidsrådet	<p>Samarbeidsrådet for Sunnhordland har gjort følgjande samrøystes vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <i>Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at det er gjort eit viktig og godt arbeid med utarbeiding av Regional kystsonplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.</i> <i>Samarbeidsrådet er samde i dei konklusjonane som er gjort i høve til programområda Regional kystsonplanlegging og maritim næring.</i> <i>Samarbeidsrådet har følgjande presisering innan planområda Akvakultur og Strandsone:</i> Akvakultur: <i>Det er viktig å presisera at det skal vera rom for vekst og kapasitetsauke i næringa, utan at dette går på kostnad av auka konfliktnivå. Noverande merdteknologi vil vera den viktigaste produksjonsmetoden, samstundes som det vil skje ei kontinuerleg utvikling av ny metodikk og produksjonsformer. Det er og positivt at framlegget gir rom for bruk av ny og framtidsretta teknologi.</i> Strandsone: <i>Regional kystsonplan og Interkommunal strandsoneplan er begge ute på høyring med høyringsfrist 1. oktober. Desse planane er ikkje harmonisert nær det gjeld strandsona. Kystsonplanen er på nokre punkt meir restriktiv enn den interkommunale planen. Samarbeidsrådet meiner at dei føresegna som vert gjeldande for Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og skal vera gjeldande for Kystsonplanen, og at framlegg til retningslinjer slik dei no ligg føre må ut.</i> 	<p>Vert teke til orientering</p> <p>Vert teke til orientering</p> <p>Vert teke til orientering. Sjå òg kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.5.</p>
Berekraftig kystsonplanlegging	Saksframlegget peikar på at planen legg opp til ein god balanse mellom bruk og vern, og ivaretek dei ulike interesseområda for bruk av sjøarealet.	Vert teke til orientering
Sjøtransport og maritim næring	Saksframlegget peikar på at planframlegget ivaretek på ein god måte interessene knytt til sjøtransport og maritim næring.	Vert teke til orientering
Strandsone	Saksframlegget peikar på at det er særleg innan temaa naust og brygger at Kystsonplanen er meir restriktiv enn den Interkommunale strandsoneplanen. Kystsonplanen er retningsgivande, mens strandsoneplanen er juridisk bindande. Administrasjonen meiner difor at dei føresegnene som vert vedteken i Interkommunal strandsoneplan må inn i Regional	Sjå kapittel 2.5.

	kystsoneplan og at framlegg til retningsliner slik dei no ligg føre må ut.	
Tilråding:		

Vindafjord kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Saksframlegget peikar på at planarbeidet har svært grundige analyser og gode metodar for å kartlegge å prioritere dei ulike interessene og verdiane opp mot kvarandre. Plankart saman med temakart i planGIS-portalen gir eit svært godt verktøy for å vurdere ulike interesser i heile planområdet. Plan- og bygningslova stillar krav til medverknad i alle planprosessar og for alle plantema. Det bør vurderast om det er opning for at retningslinene skal særleg prioritere medverknad frå bestemte aktørar.	Vert teke til orientering. Retningslinene vil bli vurdert i den vidare prosessen. Innspelet blir tatt med vidare.
Vedtak frå formannskapet	Formannskapet i Vindafjord kommune har gjort følgjande vedtak: <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Vindafjord kommune sluttar seg til hovudkonklusjonane i Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger.</i> 2. <i>Metode for vurdering av interessekonflikar og struktur i plankartet bør vidareførast i kommande regionale planar for kystsonen.</i> 3. <i>Vindafjord kommune har ikkje med strandsonen i regionalplanen men er samd i hovudkonklusjonane for dei tre plantema berekraftig kystsoneplanlegging, akvakultur og sjøtransport og maritim næring med følgjande kommentarar og forslag til endringar:</i> <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Retningsline 4,8 må bli meir presis om den skal kunne nyttast.</i> b. <i>Ved Bjoaneset blir «område sett av til sjø og vassdrag generelt, utvida område med AK» foreslått utvida som vist på kartutsnitt i saka.</i> c. <i>Det må vere ei oppfølging av handlingsprogrammet for kartlegging av nye næringsareal til og i sjø og kartlegginga må skje i eit samarbeid mellom fylkeskommunane, kommunar og kystverket.</i> 	Vert teke til orientering Vert teke til orientering Vert teke til orientering Innspela vil bli tatt med vidare i prosessen.
Berekraftig kystsoneplanlegging	Saksframlegget peikar på at det er gjort ein god jobb i kartlegging og prioritering av dei ulike verdiane og interessene i planområdet. Analysane og temakarta, saman med tydeleg prioritering av dei viktigaste verneinteressene mogleggjer målet om ei berekraftig kystsoneforvaltning. Særleg samanfatting av dei 14 regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne sett av til omsynsoner og at kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk har fått eige arealsoner, er viktig.	Vert teke til orientering
Omsynsoner	Romsaøyane er ikkje med som eit av dei 14 områda som er sett av som omsynsone, men arealanalysen viser at områda har viktige verdiar som må takast omsyn til i planlegging. Romsaøyane har regionalt viktig kulturhistorie, har verneområde for natur og er eit regionalt friluftsområde.	Innspela vil bli tatt med vidare i prosessen.
Akvakultur	Regionalplanen gir føreseielege rammer for utviklinga av oppdrettsnæringa, og planframlegget gir rom for vekst og kapasitetsauke i næringa. Alle eksisterande anlegg er med i planforslaget, men arealanalysen og plankartet skil tydeleg på dei anlegga med lågt konfliktpotensiale og dermed høve for utviding, og dei lokalitetane som er uheldig lokalisert med omsyn til andre arealinteresser. Oppdeling av arealsonene for akvakultur er gode.	Vert teke til orientering

	<p>Næringsaktørar har vore kritisk til at område sett av til akvakultur ikkje er vurdert opp mot kor dei beste produksjonstilhøva er. Dette er ei utfordring, men planen gir likevel næringa langt meir føreseielege rammer for kor det kan etablerast nye og/ eller utvide eksisterande lokalitetar. Gode lokalitetar der andre interesser og verdier veg tyngst, skal uansett ikkje nyttast til akvakultur.</p> <p>For å kunne vurdere å fjerne akvakulturføremålet i kommuneplanen for lokalitetar som er flytta eller lagt ned (jmf. retningsline 4.9) må det etablerast rutinar som gir kommunen kjennskap til denne informasjonen.</p> <p>Kommunen kjem med konkrete tilrådingar knytt til to akvakulturområde som Bremnes seashore har spelt inn.</p>	<p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet blir tatt med i vurderinga av retningslinene.</p> <p>Innspela vil bli vurdert i den vidare prosessen.</p>
Sjøtransport og maritim næring	<p>Saksframlegget peikar på at Vindafjord kommune har stor næringsverksemd knytt til sjø, og det er framheva som viktig og positivt at sjøtransport og maritim næring er eit deltema i KSP. Viktige regionale næringsområde ved sjø er definert og vist i temakart som viktige punkt i planframlegget.</p> <p>Område naudsynt for industriell aktivitet på sjø burde vore tydlegare definert og sett av i tilknytning til industrihamnene, inkludert moglege område for utviding. Planarbeidet burde forsøkt definert begrepet industriell aktivitet på sjø og kva for plankrav som skal stillast til dei ulike arealsonene.</p> <p>Retningsline 5.6 set krav til at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging. I handlingsprogrammet er det sett opp at nye næringsområde til sjø skal kartleggast. Områda i strandsona og på sjø må sjåast på i samanheng og det er viktig at Vindafjord blir tatt med på denne kartlegginga sjølv om kommunen ikkje er med på strandsonedelen.</p> <p>To av fire deltema i planen skal leggje til rette for framtidretta næringsutvikling. Det er ein svakhet ved planen at akvakultur som næring har blitt prioritert mykje tydlegare enn anna sjørelatert næring. Planområdet har mange industribedrifter som er avhengig av tilgang til sjø og område på sjø.</p>	<p>Vert teke til orientering</p> <p>Det er lagt inn ein post i handlingsprogrammet som vil avklare problemstillingane her.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning. Ein vil i den vidare prosessen vurdere å ta med Vindafjord kommune i kartlegginga.</p> <p>Det har som ein del av bakgrunnsarbeidet blitt utarbeidd ein akvakultur-analyse, og lokalitetsstrukturen er vurdert. Det har såleis vore mykje fokus på akvakultur i planarbeidet, mens ein for annan sjørelatert næring i større grad har vidareført og synleggjort eksisterande arealbruk.</p>
Tilråding:		

Sveio kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Saksframlegget peikar på at det er positivt at kystsona vert planlagt samla i eit større geografisk område og at ein ser ulike tema/omsyn i samanheng. Dokumentet er lett å lese og er tydeleg og forklarande. Planen legg i stor grad opp til varsemd og omsyn i planlegginga men er likevel open for vidare utvikling av mellom anna næring i sjøen og av strandsona. Planen sin venta verknad er godt skildra i innleiinga. Kommunen meiner at planen på	Vert teke til orientering.

	<p>generelt grunnlag er ein god rettleiar for kommunal planlegging og den legg fokus på å gi brukarane (planleggjarar/handsamarar) auka kunnskap om og forståing for kystsona. Retningslinene er generelle og rettleiande og planen oppfattast stort sett ikkje som alt for styrande.</p>	
<p>Vedtak frå formannskapet</p>	<p>Formannskapet i Sveio kommune har gjort følgjande vedtak:</p> <p><i>Sveio kommune meiner planforslaget er informativt og kan takast i bruk som rettleiar og arbeidsverktøy av planleggjarar og handsamarar. Vi ser likevel at det er nokre område som vi ønskjer å kommentere og i den samanheng rår vi til at punkta under vert sett i samanheng med teksten i saksframlegget til denne uttalen;</i></p> <p><i>Vi hadde gjerne sett at det vart lagt større vekt i planen på om akvakulturområda vist i plankartet faktisk er vurderte å liggja på «riktig» plass, sett i forhold til vurdering etter gode naturgjevne føresetnader som straum, djupne, vasskvalitet, avstand til utslepp og liknande.</i></p> <p><i>Plankartet viser avgrensing av framtidige akvakulturanlegg. Desse er i fleire tilfelle ikkje i samsvar med det som er vist i kommuneplanen for Sveio. Vi rår til å vise tydelegare i planen kva grunnlaget for å flytte føremåla er.</i></p> <p><i>Akvakulturanalysen tek utgangspunkt i laks og aure og vi forstår det slik at planen i stor grad baserar seg på denne analysen, men det kjem ikkje fram om avgrensinga av akvakulturområde i plankartet òg omfattar andre fiskeartar og skjelførekomstar. Dette forhold bør koma tydelegare fram i planen og plankartet. Med utgangspunkt i at planen baserar seg på denne analysen kan ein spørja seg om planen er representativ for alle artar?</i></p> <p><i>Analysemetoden er interessant men krevjande og vi tolkar det slik at planen er basert på ein grovanalyse der det kan vere ufullstendige datasett. Desse kan i sin tur medføre følgjefeil gjennom heile planen. Ved konkret vurdering av areal for akvakultur i framtidige kommuneplanarbeid bør difor i det minste areal som ligg i gul kategori kunne vurderast nærare i fleire område.</i></p> <p><i>Sveio kommune ser gjerne at det gjerast rede for kvifor Bømlafjorden ikkje viser meir areal for akvakulturanlegg. Mellom anna kan vi sjå at ein lokalitet ved Midvikøy har fått lite areal utan at det er grunngjeve kvifor, og det er ikkje vist kvifor dei «grøne» sonene rundt kommunen ikkje viser fleire akvakulturanlegg. Vi hadde gjerne sett at det vert gjennomført ei vurdering og konklusjon om «best plassering» i forhold til kva som er vist i plankartet.</i></p> <p><i>Vi hadde òg sett at det i plandokumentet vert gjort ei vurdering av på kva grunnlag plankartet er utarbeida og tydeleggjere forholdet og vektinga mellom akvakulturanalysen og vurderinga av dei ulike bruks- og verneinteressa.</i></p> <p><i>Det kjem fram av plandokumentet at det vil vera rom for vurderingar etter lokale tilhøve, og difor rår vi til at dette forhold bør koma tydelegare fram i retningslinene (særskilt sett i samanheng med merknad i punkt over om sonekategoriseringa).</i></p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Det har i liten grad vore mogleg å definera eignaheit for akvakultur etter naturgjevne føresetnader, sjå kapittel 2.3.</p> <p>Alle akvakulturføremåla i kommuneplanane vil bli gjennomgått og vurdert på lik linje med eksisterande anlegg.</p> <p>Avgrensinga av akvakulturområde i plankartet inkluderer alle artar. Det er ikkje skilt på artar i det regionale plankartet. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Den regionale planen er retningsgivande, og dei konkrete arealvurderingane skal gjerast av kommunane. Sjå diskusjon i kapittel 2.3.</p> <p>Dei overordna vurderingane som ligg til grunn for plassering og avgrensing av arealsoner for akvakultur i dei ulike kommunane skal gjennomgåast.</p> <p>Det skal vurderast om metoden skal tydeleggjerast meir i plandokumentet. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Retningslinene skal vurderast, og innspelet vil bli tatt med i vurderingane.</p>

	<p><i>Det går ikkje fram av planen kva mengde og verdiar ein ventar seg at akvakulturnæringa kan gje i framtida og det er ikkje sagt noko om kva verdiskaping eigedomsskatt vil kunne gje til næringa. Vi hadde gjerne sett at det vert lagt meir fokus på desse forholda.</i></p> <p><i>Med bakgrunn i at Sveio kommune er med i arbeidet om interkommunal strandsoneplan så ber vi om at det leggjast vekt på at den regionale kystsoneplanen og strandsone-planen ikkje kjem i strid med kvarandre. Det er i den samanheng og viktig at den nye strandsonerettleiaren ikkje er i konflikt med dei to planane. Kommunen meiner at det er viktig å sikre føreseielege forventingar til kommunane slik at dei ikkje i plan- og byggesaker må prøve å tolke dei ulike dokumenta.</i></p> <p><i>Kart/bilete er utydelege nokre plassar i planen og gjer dei vanskelege å lese. Det same gjeld plankartet der skravur og fargeval gjer det vanskeleg å sjå forskjell på dei ulike føremåla og omsynssonene.</i></p> <p><i>Det er uheldig at den overordna regionale kystsoneplanen omhandlar detaljerte føreseger for strandsona, og dei bør difor takast ut for å gjera det mogeleg å differensiera i strandsona.</i></p>	<p>Det har ikkje vore føremålet med planen å fokusera på verdiskaping og økonomiske tilhøve. Desse temaa er til dels omtalt i akvakulturanalysen.</p> <p>Sjå kapittel 2.5.</p> <p>Plandokumenta og plankart vil bli gjennomgått og figurar og kart skal oppdaterast der det er naudsynt. Sjå kapittel 2.1.</p> <p>Sjå kapittel 2.5.</p>
Akvakultur	Saksframlegget peikar på at det er gjennomført ein omfattande akvakulturanalyse som gir god oversikt over rammevilkåra for akvakultur og akvakulturaktiviteten i området.	Vert teke til orientering.
Strandsona	Saksframlegget peikar på at det er mange retningslinjer for strandsona med «bør»- og «skal»-formuleringar, særskilt sett i samanheng med at det parallelt vert arbeida med interkommunal strandsoneplan. Kommunen ser positivt på at planen likevel opnar for ei differensiert strandsoneforvaltning som er tilpassa lokale tilhøve, som at det vert opna for fortetting av mindre utbygging av naust og bustad utan plankrav. Målsettinga i planen er at det skal vere balanse mellom bruk og vern i strandsona.	Sjå kapittel 2.5.
Tilråding:		

Bømlo kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	I saksframlegget vert kystsoneplanen vurdert som eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona. Det er vidare stadfesta at planen totalt sett gir rom for vekst og kapasitetsauke i akvakulturnæringa, og gir rom for bruk av ny teknologi, både havgåande- og lukka anlegg.	Vert teke til orientering
Vedtak frå kommune-styret	Bømlo kommunestyre har gjort følgjande vedtak: 1. <i>Bømlo kommune meiner at framlegg til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger gir eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona.</i> 2. <i>Bømlo kommune sluttar seg til innspelet frå Aga Halibut As om at det i denne kystsoneplanen må innarbeidast meir eigna areal for framtidig utvikling av lukka teknologi.</i> 3. <i>Innspel frå oppdrettsnæringa om nye akvakulturområde må avklarast i samband med rullering av kommuneplanen for Bømlo.</i>	Vert teke til orientering. Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen. Dei konkrete arealinnspele vil bli vurdert i det vidare arbeidet.

	<p>4. Bømlo kommune er samd i dei konklusjonane som er gjort i høve til programområda Regional kystsonerplanlegging, Sjøtransport og Maritim næring.</p> <p>5. Bømlo kommune meiner det er viktig å presisera at det skal vera rom for vekst og kapasitetsauke i næringa, utan at dette går på kostnad av auka konfliktnivå. Noverande merdteknologi vil vera den viktigaste produksjonsmetoden i lang tid framover, samstundes som det vil skje ei kontinuerleg utvikling av ny metodikk og produksjonsformer. Det er derfor positivt at framlegget gjer rom for bruk av ny og framtidsretta teknologi.</p> <p>6. Bømlo kommune viser elles til at både Regional kystsonerplan for Sunnhordland og Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er samtidig ute på høyring med høyringsfrist 1. oktober. Desse planane er ikkje harmonisert når det gjeld bruk av strandsona. Bømlo kommune meiner at dei føresegnar og retningslinjer som vert gjeldande for den Interkommunale strandsoneplanen i Sunnhordland og må verta gjort gjeldande for denne regionale kystsonerplanen for Sunnhordland, og at framlegg til retningslinjer slik dei no ligg føre må ut av denne planen.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Vert teke til orientering</p> <p>Sjå kapittel 2.5.</p>
Sjøtransport og maritim næring	Saksframlegget viser til at plankartet synleggjer fire større fiskerihamnar i planområdet, og at det er positivt at planlagt fiskerihamn i Hovlandshagen er omtalt i planframlegget. Kommunen er samd i at næringslivet treng gode hamner som har god tilkomst både frå sjøsida og landsida. Det er positivt at det er registrert og kartfesta regionalt viktige næringsområde til sjø.	Vert teke til orientering
Berekraftig kystsonerplanlegging	Kommunen er samd i at det er viktig med ei god oppdatering av datasetta knytt til trålfelt og låssetjingsplassar for å sikra arealtrongen for fiskarane.	Vert teke til orientering.
Strandsone	Saksframlegget viser til at det i retningslinjene for strandsona er teke inn i pkt. 6.25. Naustbygg skal vere maks 40 m ² , vere på maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgde 5.0 m over lågaste terreng under bygget. Dette samsvarer med føresegnene som er vedtekne i kommuneplanen for Bømlo.	Vert teke til orientering.
Merknader frå næringsaktørar, padleklubb, folkehelsekoordinator / barnas representant og kommuneoverlege	<p>Bømlo kommune sendte høyringsdokumentet til alle firma som driv oppdrett av laks, aure og kveite i kommunen for eventuelle merknader. Kommunen har mottatt merknad frå følgjande aktørar:</p> <p>Aga Halibut AS: Med dagens utfordringar som lus og sjukdom er det no stort fokus på utvikling av lukka produksjonsteknologi. Moglegheitene for dette er avgrensa med det arealet som er føreslått i Bømlo kommune. Lukka teknologi treng skjerma lokalitetar Det er vidare fordelaktig med ei djupn under anlegget på minimum 80 meter. Tilgjengeleg areal som oppfyller slike kriterier er avgrensa. Det er difor viktig at dette blir sikra i ein kystsonerplan. Aga Halibut AS ønskjer meir avsett areal til lukka teknologi i Bømlo kommune. Nord på Bømlo på grensa til Fitjar, innanfor Rogøy og innerst i Børøyfjorden finst det areal med dei rette eigenskapane. Selskapet ønskjer å vera med i denne prosessen.</p> <p><u>Kommentar frå Bømlo kommune:</u> Problemstillinga må vurderast i kystsonerplanen.</p> <p>Bremnes Seashore AS:</p>	<p>Det vil bli gjort ei ny vurdering knytt til ein del akvakulturområde i planen. Innspelet vil bli tatt med i vurderinga.</p>

Bremnes Seashore har lagt ved forslag til utviding av eksisterande akvakulturområde, forslag til nye akvakulturområde og forslag til fleirbruksområde (NFFFA-område).

Selskapet fokuserer på at akvakulturnæringa har bruk for meir areal for å kunne produsere meir sjømat. Det er både behov for å utvida produksjon på eksisterande lokalitetar, men òg behov for fleire lokalitetar. Selskapet ber om hjelp til å tilrettelegge areal slik at næringa kan voksa på ein god og berekraftig måte.

Kommentar frå Bømlo kommune:

Avklaring av nye- og utviding av eksisterande område er viktige signal om at næringa treng meir areal, men desse avklaringane og utvidingane må gjerast i samband med rulleringa av kommuneplanen. Når det gjeld innspel om utviding av fire område som kombinerte område kring eksisterande lokalitetar er kommunen samd i at desse område bør visast som mogleg utvidingsområde for Akvakultur. Dette gjeld områda Langevåg-Barodden, Espevær sør-Raudholmane, Bømlafjorden/Sveio kommune og Espevær-Hiskosen.

Fylkesnes Fisk AS:

Akvakulturproduksjonen av laks og aure på vestsida av Bømlo foregår i dag i tre «klynger» av lokalitetar med naturgitte branngater mellom (Espevær-Gissøy/Hiskosen/Nesosen-Øklandsosen). Dette gjer det mogleg å kontrollere produksjonen og avgrense smittespreiing mellom områda til ei viss grad. På grunn av kyststraumen som stryk langsmed land frå sør til nord er det svært viktig at desse «pusteromma» vert oppretthaldne.

Forslaget til ny kystsoneplan vil tette igjen denne branngata ved å opne for nye lokalitetar mellom Espevær og Hiskjø, i strid med anna arealplanlegging der ein går for større avstandar mellom kvart akvakulturområde. Det må ikkje leggjast opp til ei fortetting av lokalitetsstrukturen mellom «Espeværregionen» og «Hiskosenregionen» slik høyringsforslaget legg opp til. Området skravert frå Langøy – Geitung – Lyklingholmen – Toska ligg innaskjers og må haldast fritt for akvakultur av laks og aure.

Kommentar frå Bømlo kommune:

Kommune er samd i at det nemnde skraverte området må takast ut av plankartet. Sjølv om resipienttilhøva på vestsida er gode er det viktig med avstand mellom anlegga for å unngå smittespreiing.

**Folkehelsekoordinator/Barnas representant og
Kommuneoverlegen i Bømlo kommune:**

Planen formidlar at nærleik og utsikt til sjø er eit gode og ein attraksjon ved å bu i Sunnhordland. Dette må forvaltast nennsamt slik at verdien vert oppretthalden og kjem flest mogleg til gode. Det er difor særst viktig at desse verdiane i strandsona vert tatt i vare gjennom god planlegging og tiltak slik at strandsona kjem allmenta og fellesskapet til gode. I statleg og regional folkehelsestrategi er det ein hovudmålsetting å auke kvardagsaktiviteten til både barn og vaksne. Sjørelaterte aktivitetar som t.d. bading, fiske og ulike aktivitetar i båt er med på å auke kvardagsaktiviteten. Område som ligg i strandsona og som kan nyttast til friluftaktivitetar må leggjast til rette med omsynsone slik det er føreslått i planen. Målet må vere å hindre at desse områda, både naturlege strender og mykje brukte

Dei konkrete arealinnspele vil bli vurdert i det vidare planarbeidet.

Sjå kapittel 2.3.

Sjå kapittel 2.3.

Innspelet vil bli tatt med vidare i vurderinga av akvakulturområde.

Vert teke til orientering. Når det gjeld bruk av omsynssoner, sjå kapittel 2.2. For ein diskusjon om retningsliner knytt til strandsona, sjå kapittel 2.5.

Når det gjeld gangvegar/stiar og turløyper i strandsona og merking av område brukt til kajakkpadling er dette lokale vurderingar og tilpassingar som må gjerast av kommunane.

båtområde, ikkje framstår som privatisert og dermed kan avvise dei som i dag nyttar det til friområde, og/eller dei som ynskjer å nytte det i framtida. Det vert lagt til grunn at omsynet om tilgjenge for alle til friområde vert tatt i vare, og at område dermed vil kunne vere tilgjengeleg og nyttast i tråd med allemannsretten jamfør delmål 3.1. i planen. Folkehelsekoordinator/Barnas representant og Kommuneoverlegen i Bømlo kommune vil rå til at eksisterande og nye gangveggar/stiar i område rundt strandsona vert knytt saman slik at desse også kan nyttast som turløyper, noko som kan stimulere til meir friluftaktivitet. Det bør også vurderast om område som er mykje brukt til kajakkpadling bør merkast.

Sunnhordland padleklubb:

Skjergarden rundt Bømlo og dei andre Sunnhordlands-kommunane er eit eldorado for friluftaktivitetar som til dømes padling. I arbeidet med ein kystsoneplan bør ein kartleggja og sikra tilgang til område som er særleg eigna for padling. Det siste er viktig sidan det i dag er relativt få padleområder som er lett tilgjengelege for ålmenta, med kort veg/bereavstand frå parkeringsplass for bil til strand/lending/brygger for kajakk. Interessa for kajakkpadling er i sterk vekst i sunnhordlands komunane. Difor er det viktig at det vert lagt til rette for denne formen for friluftsliv. Det er òg viktig å legge til rette område med høve til å campe. Det er mange padlere, gjerne i små grupper, som kombinerer ein helgetur i kajakk og overnatting i telt.

Kartlegging av område som er viktige og eigna for padling er vurderingar som må gjerast på kommunenivå og implementerast i kommunale planar.

Tilråding:

Austevoll kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Generelt Vedtak frå kommune- styret</p>	<p>Kommunestyret i Austevoll gjorde vedtak om å be administrasjonen samle dei berørte næringar, både innan akvakultur, sjøtransport og maritim næring, og i samråd med dei sende innspel til høyringsutkastet som ivaretar Austevoll sine viktige interesser også innan næring.</p> <p>Med bakgrunn i dette vedtaket vart det innhenta uttalar frå Fiskarlaget Vest, Austevoll Fiskarlag, Lerøy Sjøtroll og Langøy laks. Austevoll kommune har med bakgrunn i eigen kommuneplan og næringa sine innspel, fylgjande uttale til planen:</p> <p><i>Austevoll kommune er ein stor oppdrettskommune og satsar stort på å leggja til rette for vidare utvikling av denne næringa. Denne planen legg klare begrensingar både på kommunen si sjølvråderett og på næringa sine utviklingsmoglegheiter. Austevoll kommune opplever forslag til plan som ein verneplan, og vil sterkt rå frå at planen vert vedteken slik han no ligg føre. I Austevoll kommune kjem kystsoneplanen i sterk konflikt med vedtatt kommuneplan og område som er sett av til akvakulturområde der. Akvakulturområda som er sett av i kommuneplanen, er godt gjennomtenkt i forhold til kor gunstige områda er for oppdrett med tanke på havgjennomstrauming, vasskvalitet og inngrep, og for å begrensa spor og forureining. Me ber difor om at kystsoneplanen vert tilpassa dei lokale planane, og den regionale strandsonenplanen for Sunnhordland.</i></p>	<p>Vert teke til orientering</p> <p>Til orientering vil ein i den vidare prosessen vurdere områda som er lagt ut som akvakulturføremål i kommuneplanane opp mot dei same kriteria som er nytta når det gjeld eksisterande lokalitetar.</p> <p>Når det gjeld tilhøvet mellom den regionale planen og den interkommunale strandsonenplanen, sjå kapittel 2.5.</p>

	I saksutgreiinga er tilrådinga at Austevoll kommune stiller seg bak høyringsforslaget, med unntak av punkt 6.25 i retningsliner for strandsone.	Vert teke til orientering.
Strandsone	I saksframlegget er det foreslått ei konkret endring av retningsline 6.25 for strandsona: Naustbygg skal ha ei utforming som samsvarer med bruken, større takutstikk, takvindaug, terrassar, balkongar, ark og karnapp er ikkje i samsvar med bruken. Fargebruk og materialbruk skal vere tilpassa landskapsrommet og eksisterande byggeskikk.	Vert teke til orientering.
Tilråding:		

Stord kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt Vedtak frå formannskapet	<p>Formannskapet har gjort følgjande vedtak:</p> <p><i>Formannskapet sluttar seg til forslag til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger og vonar at den vil føra til ei berekraftig forvaltning av sjøarealet og strandsona i planområdet. Formannskapet vil likevel peike på:</i></p> <p><i>-at farlei Eldøyane og dei 2 ferjeleiene Skjærsholmane-Ranavik og Jektvik-Hodnanes bør visast i plankartet. Og at regional plan ikkje vert til hinder for at dei to søknadene som gjeld utviding av akvakultur i Uføro blir imøtekomne.</i></p> <p><i>Saksutgreiinga stadfestar at Rådmannen ser det som positivt at det er arbeida fram ein plan som skal sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona i planområdet.</i></p> <p><i>Planen er utforma etter nasjonale standardiserte teikneregler for plankart for regionale planar. Dette var litt utfordrande å setje seg inn i sett i frå kommunen sin ståstad. Mellom anna er kaste- og låssetjingsplassar i kommuneplanen utelatt i det regionale plankartet, men er registrert i temakart.</i></p> <p><i>Retningslinene i den regionale kystsoneplanen er gjennomgått og rådmannen har ikkje innspel til dei då dei i stor grad er på linje med kommuneplanen.</i></p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Innspela knytt til farleier og utviding av akvakulturanlegg vil bli tatt med vidare i prosessen.</p> <p>Vert teke til orientering.</p> <p>Sjå kapittel 2.1</p> <p>Vert teke til orientering.</p>
Sjøtransport og maritim næring	Farleier går fram av plankartet, men kommunen saknar ferjeleiet Skjærsholmane-Ranavik og Jektevik – Hodnanes. Kartet viser heller ikkje farlei frå Eldøyane som er særskilt viktig i Stord.	Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen.
Akvakultur	Saksutgreiinga viser til at det er lagt stor vekt på akvakultur i planen. For Stord sitt vedkomande medfører planen til at 2 område sett av til akvakultur i kommuneplanen ved Huglo ikkje vert inkludert i regional plan. Tre område i kommuneplanen som er merka som AFF (kan vurderast til havbruk), er heller ikkje prioritert. På side 29 står det at «Dette vil medføre at kommunen ved revisjon av kommuneplanen må vurdere å fjerne desse områda». Rådmannen har tillit til dei faglege vurderingane som er gjort i akvakulturanalysen og som er forklaringa til dette, og ser det som positivt at planframlegget totalt sett gir rom for vekst og kapasitetsauke i næringa. Stord kommune står att med eit område for akvakultur ved Jektevik som er merka med «Sjø og vassdrag generelt (inkl AK), føremål: Kombinert formål utan utviding.	Alle område som er sett av til akvakultur i kommuneplanane vil bli tatt med i dei vidare vurderingane. Dei vil bli vurdert opp mot det same kriteriesettet som er nytta for eksisterande akvakulturområde.

	Rådmannen stiller spørsmålsteikn ved at det i dette området (Uføro) ligg inne 2 søknader hjå Fylkeskommunen som ikkje er ferdig handsama som gjeld 1) Utlekking av 3 nye ringar 2) Auka biomasse på 1560 tonn til maksimalt biomasse på 4680 tonn.	
Tilråding:		

Fitjar kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Saksutgreiinga peikar på at det er positivt med ein plan som skal sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona i planområdet. Det er lagt ned mykje arbeid i planen som er eit pilotprosjekt.	Vert teke til orientering.
Vedtak frå kommune- styret	Kommunestyret har gjort følgjande vedtak: <i>Fitjar kommune viser til vurderingane som er lagt fram og sluttar seg til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, med nokre atterhald.</i> <i>Fitjar kommune arbeider med ein Øyaplan som skal leggja til rette for aktiv skjøtsel av Kjerneområdet, og ei varsam utvikling med opning for fortetting, basert på interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland. Det er viktig at den regionale kystsoneplanen ikkje legg ytterlegare føringar som kjem i motstrid til det arbeidet som har vore gjort over fleire år.</i> <i>Fitjar kommune meiner det er særst uheldig at alle inaktive akvakulturlokalitetar i kommunen vil falle bort, og at det heller ikkje kan opnast for nye. Kommunen innser likevel av avgrensingar i Kjerneområdet i Fitjarøyane kan vera nødvendige, men at alternative område då må kunna utviklast utanfor Kjerneområdet.</i> <i>Når det gjeld Langenuen bør det gjerast betre kartlegging av korallar, før ein «stengjer» området for oppdrett. Særskilt vider kommunen til området Engevik Nord i kommuneplanen og ber om at dette blir oppretthalde som område for akvakultur. Det bør òg kunna opnast for eit anlegg til i Stokksund.</i>	Innspelet vert teke med vidare i prosessen med dei regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kultur. Sjå kapittel 2.2. Alle akvakulturområde som er lagt ut i kommuneplanane vil bli vurdert i den vidare prosessen. Desse vil bli vurdert opp mot dei same kriteria som har blitt nytta for dei eksisterande akvakulturlokalitetane i planområdet. Innspelet vil bli tatt med vidare.
Berekraftig kystsone- planlegging	I saksframlegget er det presisert at området som er definert som omsynssone i kystsoneplanen frå lang tid tilbake har vore definert som kjerneområdet av kommunen, og området har hatt særlege restriksjonar. Fitjar kommune har forståing for at kjerneområdet har teke med Fodno, som ein naturleg del av Fitjarøyane. Dette må likevel ikkje avgrensa høve for skjøtsel og utvikling av Fodno.	Ein vil i det vidare arbeidet vurdere avgrensinga av dei regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kultur. Sjå kapittel 2.2.
Akvakultur	I saksframlegget er det peika på at det er positivt at planframlegget totalt sett gir rom for vekst og kapasitetsauke i næringa. Ein ser òg at det kan vera nødvendig å avgrensa område for oppdrett for å gje ei berekraftig utvikling, og at dette kan gjerast ved å utvida biomasse i einskildanlegg ved å samla fleire konsesjonar på ein stad, og leggja ned ubrukte lokalitetar. Kommunen stiller spørsmål ved pkt. 4.6. Er 100 m nok avstand frå kystlinja til oppdrettsanlegget på sjøoverflata for at det ikkje skal hindra ferdsel mellom land og anlegg? Punktet er litt uklart med omsyn til kva som skal gjelda for fiske mellom anlegg og land.	Vert teke til orientering. Innspelet vert teke med vidare i vurderingane av retningslinene i den vidare prosessen.
Strandsone	Det føreligg ingen vedtaks punkt som vedkjem strandsona, men temaet er diskutert i saksframlegget. Fitjar kommune ser at det på ein del punkt er strengare formuleringar i kystsoneplanen enn i den interkommunale strandsonenplanen. Det er vidare ein del konkrete forslag til endringar i retningslinene, og det er konkludert	Sjå kapittel 2.5.

	med at kystzoneplanen må retta seg etter Interkommunal strandzoneplan, og ikkje omvendt.	
Tilråding:		

Bergen kommune

Fråsegn ved: Byrådet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Vedtak frå byrådet	<p><i>Høyringsuttale frå byrådet (i tråd med anbefalinga til byråden): Bergen kommune mener plandokumentet presenterer de aktuelle utfordringene og vurderinger på en god måte, basert på et bredt kunnskapsgrunnlag. Planarbeidet antas å ha en overføringsverdi til andre deler av Hordaland.</i></p> <p><i>Sunnhordland og ytre Hardanger fungerer i samspill med Bergensregionen. En vesentlig del av Bergens næringsliv og forskningsmiljøer er avhengig av et godt samspill med Sunnhordland og ytre Hardanger. Dette gjelder reiseliv, oppdrettsnæring, fiskeri, sikring av farleder og sikring av regionen som et attraktivt rekreasjonsområde for befolkningen. Når det skal legges til rette for langsiktig vekst i regionen, er det viktig at det skjer på en bærekraftig måte der de regionale utfordringene må løses.</i></p> <p><i>Bergen kommune vil her primært påpeke følgende som har betydning for Bergen kommune:</i></p> <p><u><i>Bærekraftig kystzoneplanlegging:</i></u> <i>Reiselivet i Bergen er avhengig av at regionens unike natur og kulturkvaliteter tas vare på. Nye anlegg og etableringer må tilpasses og styrke lokalområdenes, særegne og attraktive kvaliteter.</i></p> <p><u><i>Akvakultur:</i></u> <i>For oppdrettsnæringen i regionen er Bergen en viktig base innen administrasjon, forskning og eksport. I forhold til markedet er mattrygghet avgjørende. Rømming av fisk og den alvorlige lakselus- situasjonen er en utfordring. Planen legger til rette for utvidelse av områdene for oppdrett. Bergen kommune mener det er viktig, slik planen foreslår, at det forutsettes strenge krav til anlegg ved utvidelser. Det påpekes bl.a at i værutsatte områder må konstruksjonene være robuste mot skader og rømming, og i indre områder med dårlig vannutskifting, må oppdrett skje i lukket anlegg. Bergen kommune anbefaler at det innføres en bredere varefaktaopplysning om produktene som selges i butikk som f.eks hvilken type oppdrettsanlegg de kommer fra og hvorvidt anleggene benytter antibiotika og biologiske avlusningsmetoder.</i></p> <p><u><i>Sjøtransport og maritim næring:</i></u> <i>Fiskeflåten trenger stabile rammevilkår. Fiskerinæringen må tilpasses fremtidens miljøkrav til utslipp av klimagasser. Kundene stiller krav til bærekraft og krever sikkerhet for at fisket ikke forurensar hav.</i></p> <p><u><i>Sikring av farleder:</i></u> <i>Det understrekes viktigheten av at farledene sikres i planforslaget slik at det ikke oppstår vesentlige konflikter i forhold til de andre interessene i regionen.</i></p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Vert teke til orientering.</p> <p>Vert teke til orientering.</p> <p>Innspelet vert teke til orientering. Innspelet er knytt til forvaltning av næringa. Dette er tema som ikkje vil bli vidare handsama i kystzoneplanen.</p> <p>Innspelet er knytt til forvaltning av næringa. Dette er tema som ikkje vil bli vidare handsama i kystzoneplanen.</p> <p>Vert teke til orientering.</p>

<p>Tilråding:</p>	<p><u>Strandsonen:</u> Strandsonen er et viktig rekreasjonsområde. Sikring av allmenn tilgjengelighet til strandsonen både frå landsiden og sjøsiden er viktig både for lokalbefolkningen og Bergens befolkning og bidrar til at Bergensregionen blir et attraktivt sted å bo.</p> <p><u>Andre forhold:</u> Energiproduksjon knyttet til kystsonen, som vindmøller, småkraftverk og varmpumper i sjø er ikke omtalt. Selv om disse tiltakene håndteres etter annet lovverk, bør eventuelle arealkonflikter spesielt med farleder og akvakulturanlegg avklares. Bergen kommune ser det som ønskelig at dette kommenteres i planforslaget.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Ein vil vurdere å omtale dette i plandokumentet under berekraftig kystzoneplanlegging.</p>
--------------------------	--	---

Tysnes kommune

Fråsegn ved: Formannskapet

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Vedtak frå Formannskapet</p>	<p>Formannskapet har gjort følgjande vedtak:</p> <p><i>Tysnes kommune meiner at utkast til Regional Kystzoneplan bør forkastast slik den ligg føre. Me vil i den samanheng først og fremst peika på følgjande tilhøve:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Plangrensene i planframlegget må justerast opp mot den tilstøytande interkommunale strandzoneplanen. -I framlegget overser fylkeskommunen gjeldande kommuneplan og viser til at denne må tilpassast Kystzoneplanen ved neste rullering. -I framlegg til Kystzoneplan er ikkje tilhøve til dei gjeldande arealbruksføremlå avsett i kommuneplanen teke opp, kartfesta og analysert. Dei er berre ignorert. -Framlegg til Kystzoneplan set avgrensingar for akvakultur som ikkje synes å vera fagleg grunngeve. -Framlegg til Kystzoneplan synes å vera ein verneplan utan evne til å sjå på utvikling av akvakultur i eit perspektiv der dette er ei viktig næring som også har utvikling som kan opna opp for nye tilnærmingar frametter. -Framlegg til utviding av eksisterande akvakulturområde ved Vernøya og Ånuglo grip direkte inn i regionale viktige friluftsområde og bør/må ikkje utvidast. Dette vil vel etter vårt syn også vera i strid med regionale og nasjonale føringar, Områda rundt Vernøya og Ånuglo er avsett til NF-område i sjø (Natur- og friluftsområde i sjø) i gjeldande kommuneplan og må vidareførast. -Andre område i kommuneplan som er avsett til akvakultur, eller føremål i kombinasjon med akvakultur må vidareførast. -Framlegg til retningsliner må skrivast om slik at ein unngår bruk av skal/må i ein plan som ikkje er juridisk bindande. <p><i>Tysnes kommune meiner at KSP ikkje vil tena som noko anna enn eit grunnlag for fylkeskommunale motsegner på eit svakt fagleg grunnlag. Planen har ingen strategisk tilnærming som opnar for ny innsikt i kommunen si vurdering av kystsona. Planen har heller ikkje eit kunnskapsgrunnlag som gjer at den vil vera nyttig for kommunen si vidare planlegging av kystsonen. Planen vil såleis føra til uturvande byråkratisering av framtidige planprosessar mellom HFK og Tysnes kommune.</i></p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Planområdet er definert og vedteke i planprogrammet for kystzoneplanen.</p> <p>Alle område avsett til akvakultur i kommuneplanane vil bli vurdert i det vidare arbeidet med kystzoneplanen.</p> <p>Innspelet vil bli tatt med i det det vidare arbeidet med planen.</p> <p>Sjå kapittel 2.1.</p> <p>Vert teke til orientering.</p>

Akvakultur	<p>Saksframlegget peikar på at KSP viser til balanse mellom bruk og vern, men planen tek ikkje stilling til detaljerte spørsmål. Det vert vist til at næringa er i utvikling og at det må vera rom for fleksibilitet ved arealplanlegging for akvakultur, men det synes i lita grad som at planen følgjer opp denne føringa.</p> <p>Havbruksnæringa har peika på behov for større vassutskifting og at anlegg i større grad kan gå ut i opnare farvatn, det er heller ikkje gjort vurderingar om behov for tilknytt næringsareal på land. Akvakultur kan og i framtida bli ein rein landbasert næring i nokon produksjonar. Med eit tidsperspektiv på tolv år stiller kommunen spørsmål til at planen ikkje har dette med seg.</p> <p>Det vert vidare påpeika i saksframlegget at planen synest å vera laga ut frå at det er registrert kor det er anlegg i dag og der er desse vidareført, område avsett til føremålet der det ikkje er anlegg synes å bli teke ut. Generelt verkar det som at planen ikkje har noko strategisk tilnærming til verksemda sine behov og framstår i hovudsak som ein verneplan.</p> <p>Det er peika på at kommunane skal i følgje retningslinjene sjølv gjera jobben med analyse, prioritering, sikre ferdsel, lokalisering av anlegg, legge vekt på estetikk og dempa utforming og sørgje for at vern og foreslege vern vert teke omsyn til. Kommunen tilføyer i den samanheng at dei metodiske tilnærmingane som er gjort i kartlegginga i planen ikkje kan nyttast i det heile då alt er sett opp og slått saman i karta. Det er såleis umogleg å finne ut kvifor ein del områder vert avskrive som ueigna.</p>	<p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen.</p> <p>Innspelet vert teke til orientering</p> <p>Dei overordna vurderingane som ligg til grunn for plassering og avgrensing av arealsoner for akvakultur i dei ulike kommunane skal vurderast.</p>
Metode	<p>I vedlegget metode og analyse står det fleire plassar at feil og generaliseringar i datagrunnlaget, samt analysane, kan ha påverka kvaliteten. Analysen er for generell og differensierer ikkje dei ulike føremåla innanfor same fargekode, det er difor ikkje mogleg å nytte innsamla data til anna enn å registrere at det har vore registrert tidligare. Kommunen meiner at datagrunnlaget/ analysane i lita grad let seg etterprøva.</p>	<p>Innspelet vert teke til orientering</p>
Tilråding:		

Kvam herad

Fråsegn ved: Heradsstyret

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Saksframlegget vurderer KSP som ein grundig og godt gjennomarbeidd plan. Planen vert sett på som ein nyttig reiskap, det er positivt at det vert lagt til grunn ein felles forvaltning av kystsonen i Sunnhordland og ytre Hardanger, og planen er ein reiskap som også er nyttig i kommunen sitt pågåande kommuneplanarbeid. Mykje av arbeidet som er lagt til grunn i kommunen sitt eige arealplanarbeid for kystsonen, harmonerer med den overordna KSP. Plankartet og temakartet for arbeidet inneheld svært mykje nyttig informasjon og er relativt lett tilgjengeleg. Det er for ein del tema godt samsvar mellom avgrensing av område i kommuneplanen og i KSP.</p>	<p>Vert teke til orientering</p>
Vedtak frå Heradsstyret	<p><i>Heradsstyret har gjort følgjande vedtak:</i> <i>Kvam herad er positive til arbeidet med Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.</i></p> <p><i>Kvam herad har følgjande merknader til planen;</i></p>	<p>Vert teke til orientering.</p>

	<p><i>Pkt 1. Området i Ålvik, jf vedlagt kart (område 1) vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur, i frå Seianeset til Kjespsø, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar.</i></p> <p><i>Pkt 2. Området i mellom Fykkesund, Kvamsøy, Øystese og Norheimsund, (frå Nanes til Krossnes) jf vedlagt kart (område 2) vert vist som regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturmine, der det ikkje er høve til etablering av akvakultur.</i></p> <p><i>Pkt 3. Område sør for Kvamsøy i retning mot Solesnes, som ikkje er i konflikt med skipsleia, vert vist som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.</i></p> <p><i>Pkt 4. Området (jf vedlagt kart område 3) for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med vedlagt kart pga nærleik til viktige kultur- og friluftsområde på land. Området vert avgrensa i mot Stekka, men utvida i mot farleia midt i fjorden.</i></p> <p><i>Pkt 5. Området (jf vedlagt kart, område 4) for akvakultur ved Aplavika/Lingaholmane vert endra i samsvar med vedlagt kart pga nærleik til viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Strandebarm og ved Lingaholmane. Området vert utvida sørover som vist på kartet. Fleirbruksområde inklusiv botnkultur innafor holmane må vurderast som ein del av kystsoneplanen.</i></p> <p><i>Pkt 6. Fleirbruksområdet (jf vedlagt kart, område 5) i Mundheimsbukta (innanfor tømmerkai, Nes og innerste del av hyttefelt, Furhovde) Her vert akvakultur tatt bort inst i bukta pga av landskap og Kvam herad sine ynskje om redusert oppdrettsaktivitet i Mundheimsbukta.</i></p> <p><i>Pkt 7. Fleirbruksområdet i frå Årsnes (mellom Dysvik og Oma) til kommunegrensa (jf vedlagt kart, område 6). I området ved Gravdal, bør akvakultur gå ut pga. dei nære kvalitetane og verdiane i strandsonen.</i></p> <p><i>Pkt 8. Kvam herad støttar ikkje område for marint verneområde/korallar ved Horjona, dette bør fortsatt visast som fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.</i></p> <p><i>Pkt 9. Heile området vist som område (jf pkt 8 på vedlagt kart) ved Tveitnes i Ytre Ålvik, bør vise fleirbruksområde, inklusiv akvakultur.</i></p> <p><i>Pkt 10. Området for akvakultur, jf ventemerde ved slakteriet på Bakka, må vera av eit slikt omfang at det tilfredstillar arealet som er under regulering i sjø.</i></p> <p><i>Pkt 11. Ta med setjefiskanlegg på land også i plankartet.</i></p> <p><i>Pkt 12. Støtte til handlingsprogrammet om å registrera sjøbruksmiljø i Kvam herad.</i></p> <p><i>Pkt 13. Ta med «Ytre Hardanger», jf mellom anna side 40, der det har falle ut av planen, og der det er naturleg å ta inn i planen.</i></p> <p><i>Pkt 14. For alle områder der det er stor djupne, må fortøyningsone komma i tillegg.</i></p> <p><i>Pkt 15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med som industrikai regionalt viktig, under tema «Regionalt viktige næringsområde ved sjø».</i></p>	<p>Dei konkrete arealinnspele vil bli vurdert i det vidare arbeidet med planen.</p>
Akvakultur	Saksframlegget peikar på at akvakulturområde varierer mellom kommuneplanen og KSP. Det er også lagt til grunn innspel og merknader frå oppdrettsnæringa.	Alle akvakulturområde i kommuneplanane vil bli vurdert i det vidare arbeidet.
Strandsona	Saksframlegget peikar på at kommunen sine arealstrategiar for å få på plass den funksjonelle strandsona i stor grad samsvarer med prinsippa og retningslinene i kystsoneplanen.	Vert teke til orientering.
Tilråding:		

3.2 Regionale statsetatar

6 regionale statsetatar har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden. 5 av desse har merknadar til planen. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ingen merknader til planframlegget.

Rogaland Fylkeskommune		
Fråsegn ved: Fylkesutvalget		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Vedtak Fylkesutvalet	Fylkesutvalet har gjort følgjande vedtak: <i>Rogaland fylkeskommune meiner det er bra at Hordaland fylkeskommune har fått ein regionalplan for kystsonen og sjøareala i Sunnhordaland og Ytre Hardanger. Det gir forutsigbare rammevilkår for vekst og utvikling av havbruksnæringa. Rogaland fylkeskommune ber Hordaland fylkeskommune vurdere kommentarane til retningslinene til akvakultur og til handlingsprogrammet.</i>	Vert teke til orientering.
Akvakultur Retningsliner	Retningslinene peikar på at kommunane må gjere ei heilskapleg vurdering av behovet for akvakulturområde. Eksisterande område skal vurderast i høve til aktivitet og trong for endring. Det vert stilt spørsmål med kva som meinast. Havbruksnæringa er ikkje kommunal og ser ikkje på kommunegrensene når dei leitar etter areal og lokalitetar. Hovudutfordringa for vekst og utvikling av havbruksnæringa er tilgongen på areal og forutsigbare rammer i høve til arealbruk. Den heilskaplege vurderinga av trongen for areal bør gjerast på eit regionalt nivå. Kommunane si hovudoppgåve blir å setja av areal til havbruksnæringa i kommuneplanane. Føresetnaden for å gjera dette er at kommunane har havbruksnæringa som ei strategisk satsing på næringsutvikling i samfunnsdelen i kommuneplanen.	Den heilskaplege vurderinga av areal til akvakultur er gjort i regionalplanen. Intensjonen med retningslina er at kommunane må i si planlegging sjå utover enkeltsøknadar/-innspel, og sjå arealutnyttinga i eit større perspektiv. Retningslinene vil bli gjennomgått, og innspelet vil bli tatt med i prosessen.
Handlingsprogrammet	I handlingsprogrammet er det føreslått eit pilotprosjekt innan KystMareano for å kartleggja sjøbotn, straumtilhøve, biologi og grunntilhøve, og Vestlandsrådet er sett opp som ansvarleg. Ei slik kartlegging og kunnskaps-innhenting er svært interessant for Rogaland fylkeskommune og alle kommunane med sjøareal i Rogaland. Det vil vera ei særskilt nyttig kartlegging for havbruksnæringa for å kunne vurdere kva lokalitetar som er gode og egna. Dei som jobbar med tilrettelegging for næringsutvikling innan havbruksnæringa i fylkeskommunane på Vestlandet, har eit nettverk kalla Vest Marin. Vest Marin er pådrivar, på oppdrag frå Vestlandsrådet, for å få igong eit KystMareano på Vestlandet. Det vert stilt spørsmål ved moglegheitene for å ta inn noko i handlingsprogrammet under akvakultur som gjer det mogleg å vurdere korleis kommuneplanlegginga fungerer i høve til å leggje til rette for vekst og utvikling av havbruksnæringa? Alle tiltaka i handlingsprogrammet krev ein koordinator. Fylkesrådmannen stiller spørsmål om koordinatoren og kan ha ansvaret for å samle kommuneplanleggjarane i planperioden til læring og erfaringsutvekslingar om arealplanlegging i sjø og tilrettelegging for havbruksnæringa. Det kan vera eit samarbeid mellom Hordaland- og Rogaland fylkeskommune. Det vil vera aktuelt å kople på kommunane som er med i regionalplan for sjøareala i Rogaland på eit slikt fagnettverk om arealplanlegging i sjø.	Vert teke til orientering. Innspelet vil bli tatt med vidare.
Tilråding:		

Fråsegn ved: Seksjonssjef		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Berekraftig kystsoneplanlegging Akvakultur Omsyns-soner	<p>Fiskeridirektoratet region Vest syner til innspel gjennom planprosessen, særleg i brev datert 27. april 2015. Det vert vist til at dei fleste innspela i nemnde brev ikkje er tekne til følgje.</p> <p>Fiskeridirektoratet har konkrete innspel til teksten i kapittel 3.2 (marint grunnlag, om villfisk), 3.3 (Fiskeri, om tråling og låssetjingsplassar), 3.8 (Retningsliner berekraftig kystsoneforvaltning), 3.9 (Konsekvensar av planframlegget – fiskeri), og til kapittel 4.6 (Retningsliner akvakultur). Endringsforslaga er ikkje grunngevrne.</p> <p>Når det gjeld innspela til kapittel 3 har innspela til Fiskeridirektoratet fokus på å styrka villfisk- og fiskeriinteressene ved å føreslå endringar i formuleringar i teksten frå <i>kan</i> og <i>bør</i> til <i>må</i> og <i>skal</i>.</p> <p>Fiskeridirektoratet ynskjer dessutan å ta ut setningane «Større tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillatast. Eksisterande næringsområde kan nyttast vidare.» frå retningsliner knytt til omsynssonene.</p> <p>Når det gjeld retningslinene til akvakultur har Fiskeridirektoratet endringsforslag for nesten alle punkta i teksten.</p>	<p>Brevet datert 27. april 2015 kom for seint i prosessen til at det var mogleg å endra planframlegget før høyringa.</p> <p>Dei konkrete innspela til tekst og retningsliner vil bli tatt med i vurderingane vidare i prosessen.</p>
Tilråding:		

Kystverket Vest

Fråsegn ved: Avdelingssjef		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur	<p>Kystverket vil sterkt oppmode til ei justering av seks konkrete areal til akvakultur i plankartet på grunn av konflikt med farleier. Dette gjeld tre område i Ålfjorden og tre område i Øynefjorden vest for Varaldsøy.</p> <p>Kystverket meiner det er uheldig å bruka reine arealsoner for akvakultur i desse konkrete områda der det ligg eksisterande anlegg i dag, fordi deler av arealsonene kjem i konflikt med farleier. Det bør leggest arealsoner akvakultur på det området der sjølve anlegget ligg i dag, og kombinertsone inkludert akvakultur i dei områda som er i konflikt med farleiene. Ber om at avgrensinga av områda vert gjort i samråd med Kystverket.</p>	<p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen.</p>
Sjøtransport og maritim næring	<p>God arealforvaltning av kystsona og sjøområda er viktig for sjøtransporten og Kystverket ser det som eit godt grep å ta inn sjøtransport og maritime næringar som eige kapittel i planen. Planforslaget gjenspeglar desse interessene i kystsonen godt. At sjøtransport og maritim næring er så godt omtala i planforslaget gir eit godt grunnlag for kommunar til å ivareta desse interessene i sine kommunale kystsoneplanar, som skal følgje opp den regionale kystsoneplanen. Farleier og andre maritime interesseområder som riggområder, opplagsområder og hamner er godt vist i planforslaget, men det er og vist til at dette er eit tema som handlingsplanen peiker på skal jobbast vidare med.</p> <p>På side 31 er det vist til ansvar som ligg til «kommune eller hamnemyndigheit» eit par stader. Dette må endrast til «kommunal</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Innspelet vert tatt med i prosessen vidare.</p>

	hamnemyndigheit». Kystverket er statleg hamnemyndigheit med ansvar for hovudlei og bilei.	
Tilråding:		

Forsvarsbygg

Fråsegn ved: Seksjonssjef

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	<p>Forsvarsbygg har (i samråd med Forsvaret) følgjande merknader som relaterer seg til Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø (SØF):</p> <ul style="list-style-type: none"> -Hovudplanens tekst i pkt 3.4 om Forsvaret er i hovudsak akseptabel, og vert sett på som tilstrekkeleg for å sikra Forsvaret sine rettar i kystsona og strandsona. Men då Forsvaret ikkje lenger har kystfort eller faste stridsanlegg langs kysten og landgangsfartøy må dette ut som argumentasjon for Forsvaret sine behov. Det same gjeld pkt 3.9 s 18. -Til SØF i regionen har Forsvarsbygg nytta grunnlaget som vart utarbeidd i 2009 i samråd med Forsvarets operative hovudkvarter, der NOU 2004-SØF vart nytta som grunnlag. I dette ligg at det også er fleire øvingsfelt som har samanfallande og overlappende grenser med planområdet til kystsoneplanen. Dei fleste av desse felta (inkl. V11, K3 og K4) må vera aktive for Forsvaret man-lør kl 0700-2300. -I samband med E-39 Bjørnafjorden har Forsvarsbygg tidlegare gjort innspel knytt til moglege trasear for bru over Bjørnefjorden. Innspelet er relatert til eit større øvingsområde i Bjørnefjorden som per i dag ligg i konflikt med enkelte traséalternativ for framtidig kryssing av Bjørnefjorden. -Forsvarsbygg ber om at desse merknadane vert tekne særleg til følgje, og føreslår vidare at det vil vera fornuftig med eit utvekslingsmøte, der Forsvaret sine interessert kan synleggjerast meir konkret. 	Innspele vil bli tatt med vidare i prosessen, og det er ønskeleg å ha møte med Forsvaret.
Tilråding:		

Fylkesmannen i Hordaland

Fråsegn ved: Fylkesmannen

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Fylkesmannen i Hordaland er særns nøgd med at Hordaland fylkeskommune har utarbeidd plan med regionale retningsliner for tema innan kystsona i del av Hordaland. Fylket treng overordna, regionale tilrådingar som kommunane kan følgje. Det er viktig for m.a. Sunnhordland der aktiviteten i kystsona er høg og byggepresset stort.	Vert teke til orientering.
Akvakultur-analysen	Fylkesmannen er nøgd med Akvakulturanalysen, som er vurdert som ei god fagleg oppsummering av sterke og negative sider ved akvakulturnæringa. Analysen vil vere eit godt hjelpemiddel og utgangspunkt når kommunane skal gjere konsekvensvurderingar i samband med utforming av arealplanane i sjø. Kommunane må i komande prosessar gjerast merksame på at dei må gjere ytterlegare utgreiningar dersom KSP skal få verknad slik som føreset.	Vert teke til orientering. Innspelet vert tatt med vidare i prosessen.
Akvakultur	Plankarta er ei oppsummering av kva areal som er ledige og som under gitte høve kan ha potensial som område for akvakultur. Det er viktig å ha med seg at desse karta ikkje seier noko om potensialet når det gjeld dagens driftsformer der utfordringane	Dette er viktige poeng, sjå diskusjon i kapittel 2.3.

	<p>med rømming, genetisk påverknad, lakselus og sjukdom er betydelege og situasjonen ikkje tilfredsstillande.</p> <p>Dimensjonane arealkapasitet og resipientkapasitet er uavhengige av kvarandre. Vurderingar av kva ein resipient toler av utslepp av næringssalt og organisk materiale må gjerast av tiltakshavar og kommunane. Bruk av resipientkapasitet er sterkt knytt til driftsform.</p> <p>Fylkesmannen er nøgd med retningslinene for akvakultur, der det blir i kapittel 4.6 presisert at areal til akvakultur skal sikrast i planar og avklarast opp mot andre arealinteresser. Ved å nytte grunnlaget i kystzoneplanen for kommunal planlegging vil talet på dispensasjonssaker for akvakultur venteleg bli redusert. Dei sterke demokratiske prinsippa for arealdisponering for landområde må òg bli gjeldande for sjøareala. Kommunane må i arealplanane også vurdere konsekvensane av slik lokalisering når det gjeld påverknad på natur og miljø, slik det vert peika på.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Vert teke til orientering.</p>
Strandsona	<p>Det er viktig at dei regionale retningslinene gir dei overordna føringane for vurderingane av utviklinga i strandsona. For Fylkesmannen er det vidare viktig at fellestiltak og allmenne omsyn gjennomgåande skal prioriterast framfor det einskilde utbyggingstiltaket. Det kjem godt fram og må haldast på.</p> <p>Fylkesmannen er nøgd med at HFK trekker opp dei overordna linene for arealforvaltning i strandsona, og som er i samsvar med lova og dei statlege føresetnadane for tiltak i strandsona. Det er to konkrete forslag til innstrammingar/endringar i retningslinene.</p> <p>Fylkesmannen er i det vesentlege samd med høyringsutkastet til KSP i korleis ein må vurdere strandsona, og er samde i at kartlegging av den funksjonelle strandsona gir eit betre grunnlag for m.a. å sette byggegrense til sjøen. Det vil vere viktig at kommunane nyttar metoden i planlegginga si.</p> <p>Fylkesmannen er i stor grad kritisk til inndelingane etter dei fem kategoriane som er foreslått i den interkommunale strandzoneplanen, og ser på dette som å vere i strid med fastsetting av planformål etter plan- og bygningslova. Det vert difor understreka at gjennomgangen av og retningslinene om dette i kystzoneplanen er viktig og må oppretthaldast.</p>	<p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.5.</p> <p>Innspela vil bli tatt med i vurderinga vidare.</p> <p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen</p> <p>Innspelet vert teke med vidare.</p>
Tilråding:		

3.3 Næringsaktørar - akvakultur

15 næringsaktørar har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden. Fleire har kome med konkrete arealinnspeil til plankartet i tillegg til tekstlege innspel.

Dåfjorden klekkeri AS

Fråsegn ved: Reidar Aksnes

Tema	Innspeil	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Kystsoneplanen har foreslått å fjerna eit Akvakulturområde ved Juskenakken – Folderøy mot Stokksund som er med i Bømlø kommune sin kommuneplan 2013-2025. Dåfjorden Klekkeri ber om at dette området blir tatt med i KSP. Området er godt eigna til akvakultur.</p> <p>Sidan det er svært få tilgjengelege område for akvakultur i KSP, er det svært viktig at dei områda som er med i kommuneplanen vert oppretthaldne om akvakultur skal ha vidare vekst frå nye etableringar.</p>	<p>Alle område avsett til akvakultur i kommuneplanane vil bli vurdert i det vidare arbeidet med kystsoneplanen.</p> <p>Områda vil bli vurdert opp mot dei same kriteria som har blitt nytta til å vurdere eksisterande lokalitetar i planframlegget.</p>
Tilråding:		

Bremnes Seashore AS

Fråsegn ved: Utviklingssjef

Tema	Innspeil	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Lakseoppdrett er den største matproduksjonen i Noreg. I ein verden som skal auka matproduksjonen med minst 70 % er det viktig at alle regionar og alle område nasjonalt og internasjonalt nøye vurderer kva område som har potensiale til å auke arealtilgangen. I Noreg har dette fått gjennomslag når det gjeld landbruk. Fiskeoppdrett er den mest effektive matproduksjonen i verda, både med tanke på energiforbruk og berekraft. Hordaland har eit nasjonalt ansvar for å legge til rette for auka matproduksjon i sjø. Dette bør prioriterast betydeleg meir enn i høyringsutkastet.</p> <p>Regjeringa inviterte næringa i 2015 til å vokse 5 % per løyve, men med strengare miljømål enn tidlegare. Vekst på løyvenivå er avhengig av at selskapa har nok lokalitetar som kan ta i mot den auka biomassen.</p> <p>Bremnes Seashore har 24 konkrete arealinnspeil til plankartet. Forslaga til endring gir høve til å utvikla dei gode lokalitetane som har potensiale for framtida, samstundes som svakare lokalitetar blir mindre brukt eller tatt ut. Dersom mange nok selskap gjennomfører denne strategien vil dette kunna føra til redusert smittepress mellom anlegg.</p> <p>Det må vera fleire kombinerte arealsoner med akvakultur, som gir større fleksibilitet enn AK-område.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Dei konkrete arealinnspeila vil bli vurdert i det vidare arbeidet med kystsoneplanen.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
Tilråding:		

Langøylaks AS

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspeil	Merknad/oppfølging
------	----------	--------------------

<p>Akvakultur Areal</p>	<p>Langøylaks kan ikkje sjå at planen legg opp til særleg auke i arealbruk for tradisjonelle opne merdar, i og med at dei nye områda i utgangspunktet er tenkt til havgåande eller lukka anlegg. Dette er motstridande til det som er hovudmålet med planen, nemleg at næringa skal vera lønnsam og konkurransedyktig i framtida. Noreg sitt konkurransefortrinn er ei lang skjerma kystlinje med god vasskvalitet som eignar seg til oppdrett i opne merdar.</p> <p>Det må setjast av større område for oppdrett med tradisjonell teknologi i opne merdar og areal til nye artar/næringar.</p> <p>Langøylaks er kritisk til at utfordringar med lakselus, rømming og sjukdomar vert forbetra slik planen ligg føre, og meiner at det er næringa sjølv si oppgåve å koma med gode bærekraftige løysingar på dei utfordringane næringa står ovanfor.</p>	<p>Innspela vert teke med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet er teke med vidare.</p> <p>Vert teke til orientering.</p>
<p>Omsyns-soner</p>	<p>Omsynssonene legg føringar for akvakultur og andre tyngre tekniske inngrep. For Møkster, Litlekalsøy, Hevrøy, Storekalsøy og nordre del av Hundvåkøy gir omsynssona store begrensningar på bruken av sjøområdet, strandlinja og på land. Dette vil føre til at det ikkje kan startast ny næringsverksemd i desse områda. I alle desse småsamfunna er bruken av landområdet, strandsona og sjøområdet rundt sjølve fundamentet for busetnad og aktivitet.</p> <p>Det føreligg planar for fisketurisme og marin verdiskaping innan omsynssone 2, og Langøylaks har ein lokalitet der. Det er stort potensiale for både oppdrett av laks og nye artar som kjem, til dømes, tang, tare, tunikatar, skjel, skaldyr. Langøylaks stiller seg uforståande til at oppdrettsaktiviteten kan virka negativt på faktorane som ligg til grunn for etableringa av omsynssona.</p> <p>Hovudmålet er at <i>planen skal medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.</i> Forslaget om etablering av omsynssone 2 er i strid med hovudmålet til planen.</p> <p>Etablering av omsynssonene er ikkje kunnskapsbasert og dei samfunnsmessige konsekvensane er ikkje vurdert godt nok. Berørte partar bør få betre høve til å uttale seg. Langøylaks kan ikkje akseptera at det vert etablert omsynssone rundt Møkster og tilhøyrande øyer, då dette handlar om livsgrunnlaget.</p>	<p>Innspela blir tatt med vidare i prosessen.</p> <p>Sjå kapittel 2.2 og 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
<p>Tilråding:</p>		

Steenstrup Stordrange på vegner av Langøylaks AS

Fråsegn ved: Advokat Halfdan Mellbye

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Omsyns-soner</p>	<p>Plan- og bygningslova gir ikkje høve til å etablere omsyns-soner i ein regional plan. Forslaga til slike soner må difor trekkast frå planen.</p> <p>Dei synspunkta som kjem fram gjennom omsynssonene skulle vore gitt ei form som er mindre bindande for den kommunale planlegginga. Regionplanane skal vere retningsgivande for den kommunale planlegginga ut frå regionale omsyn. Dei skal ikkje overstyra arealbruken i kommunen på ein direkte måte. Fylkeskommunen har gått for langt i detaljert arealplanlegging når det gjeld omsynssonene. Kartfestinga er for omfattande og</p>	<p>Innspelet vert teke med i prosessen vidare.</p> <p>Sjå kapittel 2.2 om bruken av omsyns-soner/arealsoner i planen, og kapittel 2.1 for ein diskusjon om regionalplanen og det lokale handlingsrommet.</p>

	<p>generell i forhold til det saklege innhaldet i dei omsyna som grunnlegg den føreslåtte arealbruken.</p> <p>Omsyna som ligg inne som bakgrunn for omsynssonene er viktige, men omsyna vil ha varierende viktigheit avhengig av kor i området det vert planlagt aktivitet, og kva for aktivitet som vert planlagt. I mange tilfelle kan utvikling foreinast med dei omsyn som er knytt til omsynssonene.</p> <p>Det vert konkret bedd om at omsynssone 2 vert fjerna frå planen, og at dei omsyna som er skildra for «omsynssone 2» vert omformulert slik at det framgår at dette er omsyn som Austevoll kommune må ta omsyn til i si planlegging.</p>	
Tilråding:		

A/S Sævareid Fiskeanlegg

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>A/S Sævareid Fiskeanlegg driv smoltproduksjon på lokalitet nummer 10141 i Fusa kommune, og ønskjer at det skal opprettast ei buffersone på utsida av det landbaserte settefiskanlegget.</p> <p>Ei slik sone vil vera ein buffer mellom den aktiviteten som allereie føregår ved anlegget i dag og omverden. I plansamheng er det viktig med ei slik buffersone, som kan vera med på å hindra konflikhtar mellom brukarinteresser.</p>	<p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen.</p> <p>Dette er detaljar som må avklarast på kommuneplannivå.</p>
Tilråding:		

Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk

Fråsegn ved: Samfunnskontakt

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Selskapet har lagt lokalitetsstrukturen ved å ta omsyn til gjeldande kystsoneplan for dei einskilde kommunane. Det er kostnads- og tidkrevjande å endra på lokalitetsstrukturen.</p> <p>Lerøy Sjøtroll (LS) har saman med Bellona danna eit selskap kalla Ocean Forest, som ser på moglegheiter til å produsera blåskjel og makroalgar.</p> <p>Lerøy Sjøtroll ønskjer:</p> <ul style="list-style-type: none"> -fleirbruksområde for AK. Dette gir høve til å justera lokalitetar utan å søkja dispensasjon frå Fylkesmannen. -å fjerna små og mindre eigna lokalitetar til fordel for større. Dette vil føra til større avstand og mindre smitte. Planframlegget gir ikkje rom for dette. -areal avsett til OF (Ocean Forest). -at kommunane set av areal til postsmoltproduksjon i lukka merd i sjø. Maurangerfjorden kan vera godt eigna. <p>Kommunane må setja av nok areal ved eksisterande lokalitetar til at selskapa i området kan kjøpa seg produksjonsauke dei neste 15 åra, eller så lenge denne planen gjeld.</p> <p>LS har ein del konkrete arealinnspele.</p>	<p>Innspelet vert tatt med vidare i prosessen.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>

<p>Tilråding:</p>	<p>I området vest av for Austevoll og Bømlo er det sett av store område til framtidig akvakultur. Slike område er truleg ikkje aktuelle, då det er sterkare straum og høgare sjø tett ved kysten. Alternativ plassering må vera utanfor grunnlinja.</p> <p>I dei større avsette AK-områda er det ikkje rom for å søka på nye lokalitetar til erstatning for lokalitetar som i dag ligg i område der det ikkje er rom for utviding, Årsaken er at ein kjem i konflikt med avstandsregelen til Mattilsynet.</p> <p>LS kan ikkje støtta opp om planframlegget avdi det i for liten grad tek omsyn til dei moglegheitane som ligg i framtidig havbruk. Dermed vert forskjellen i rammevilkår samanlikna med resten av næringa i Noreg større enn i dag.</p>	<p>Konkrete arealinnspel vil bli vurdert i den vidare prosessen.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.3.</p>
--------------------------	---	---

A/S Bolaks

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Akvakultur Areal</p>	<p>I samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen for Fusa kommune spelte Bolaks inn trong for lokalitetar og gav merknadar til føreslått arealplan. Akvakulturtema vart tatt ut av planen. Prosessen vidare i kommunen er å starta arbeidet med ein kommunedelplan, som mellom anna skal bygga på den regionale kystsoneplanen. På bakgrunn av dette har Bolaks konkrete merknadar til plankartet..</p>	<p>Dei konkrete innspela vil bli vurdert i det vidare arbeidet med planen.</p>
<p>Tilråding:</p>		

Alsaker Fjordbruk AS

Fråsegn ved: Samfunnskontakt

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Akvakultur</p>	<p>Alsaker Fjordbruk (AF) er for tida inne i ei omlegging av lokalitetsstrukturen mellom anna i Sunnhordlandsbassenget. Bakgrunnen for dette er signal frå overordna mynde om å satsa på dei beste lokalitetane og fasa ut mindre og meir skjerma lokalitetar, ei endring mot færre og større lokalitetar. Planframlegget kan medføra utfordringar for igangsett og planlagt endring i lokalitetsstruktur. Plankartet har fjerna fleire eksisterande lokalitetar sine høve for utviding og innovasjon. Ei bandlegging av godkjente og viktige lokalitetar burde vore konsekvensutgreidd.</p> <p>AK-område bør synast som fleirbruksområde. Dersom ein skal nytta «einbruk akvakultur» er det ein føresetnad at desse områda er framtidsretta og store nok for å møta trongen for auka matproduksjon på dei beste lokalitetane.</p> <p>Planframlegget tek ikkje godt nok omsyn til at Sunnhordland og ytre Hardanger kan vera med på å realisera og utvikla norsk matproduksjon slik m.a. <i>Sjømatmeldinga</i> (2012-2013) føreset. Planområdet er allereie «hefta med fleire særlover», som er konkurransevridande i høve til produksjonsområde elles i landet. Kystsoneplanen må vera ein overordna plan, som i mykje større grad fokuserer og signaliserer at området har vore og er eit av dei viktigaste områda for produksjon av rein og trygg mat.</p>	<p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet blir tatt med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3</p>

	Ved rullering av planen bør kommunar lenger inn i Hardangerfjorden også vera ein del av planområdet.	Planområdet er definert i planprogrammet. Ved rullering kan ei endring av planområdet vurderast.
Omsyns-soner	Omsynssonene er for omfattande vektlagt. Planframlegget vil i større grad bidra til å konservera enn å skapa utvikling og auka matproduksjonen på deler av eksisterande/godkjente lokalitetar.	Sjå kapittel 2.3.
Tilråding:		

Troland Lakseoppdrett AS

Fråsegn ved: Styreformann

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Troland Lakseoppdrett (TL) meiner at planen ikkje legg opp til særleg auke i arealbruk for tradisjonelle opne merdar, dei nye områda er i utgangspunktet tenkt til havgåande eller lukka anlegg. Noreg sitt konkurransefortrinn er ei lang skjerma kystlinje med god vasskvalitet som eignar seg til oppdrett i opne merdar, og det må setjast av større område for oppdrett med tradisjonell teknologi og areal til nye artar/næringar.</p> <p>TL er kritisk til at utfordringar med lakselus, rømming og sjukdomar vert forbetra slik planen ligg føre, og meiner at det er næringa sjølv si oppgåve å koma me gode bærekraftige løysingar på dei utfordringane næringa står ovanfor.</p>	<p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
Omsyns-soner	Omsynssonene kan bidra til å ta livsgrunnlaget frå lokalsamfunna, og kan avgrense høve for små aktørar til å ta del i utviklinga av havbruksnæringa. Etablering av omsynssonene er ikkje kunnskapsbasert og samfunnsmessige konsekvensar er ikkje vurdert godt nok. Berørte partar bør få betre høve til å uttale seg.	Sjå kapittel 2.3.
Tilråding:		

Salmon Group

Fråsegn ved: Informasjonsansvarleg

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Planen legg for lite vekt på utviklingspotensialet. Havmerdar er ikkje ein del av kystsoneproblematikken, og bør ikkje vedkome dette arbeidet. Ein må laga ein arealplan som vil tillate tilpassingar for eksisterande anlegg. Dyrking av fleire marine artar er på veg til å bli industrialisert. Til dømes vil tare dyrking krevje at større område blir regulert til akvakultur enn det vi ser i dagens arealplanar.</p> <p>Lakseoppdrett er i dag ei av dei sentrale næringane i regionen. Ein har klart å oppretthalde eit mangfald av aktørar, noko som har ført til at store delar av verdiane frå lakseproduksjonen ligg att lokalt. Gjennom føreslegne marine verneområde og avgrensingar i KSP fryktar ein at næringa i regionen vil koma negativt ut i arbeidet med å utvikla seg vidare. Fornyng av anlegg og driftsformer vil møta for mange hinder, og aktiviteten i området vil bli hemma til fordel for konkurrerande selskap og regionar.</p>	<p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
Omsyns-soner	Omsynssonene vil vera utfordrande for fleire av samfunna som vert omfatta. Framleis klarar mange lokalt baserte havbrukselskap å halda god drift innanfor sitt geografiske	Sjå kapittel 2.3.

	nærrområde. Omsynssonene vil leggja sterke band på korleis desse kan utvikla seg. Tiltråd at ein unngår bruk av omsynssoner.	
Tilråding:		

Sjømat Norge AS

Fråsegn ved: Regionsjef Havbruk Vest

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur	<p>Det synest å vera lagt opp til at andre aktivitetar og næringar bør gjevast fortrinn framfor akvakultur, og at annan aktivitet må vernast mot akvakulturnæringa. Behovet for å produsera meir mat burde tilseie at ein etablerer eit fjordvern der areal vert øyremerka til matproduksjon og med restriksjonar for annan verksemd som kan påverka matproduksjonen negativt. Det ville vore ein naturleg parallell til dei tiltaka i landbruket som vert sett i verk for å verna matjord.</p> <p>Det må i kystsoneplanen leggast til rette for utviding av dei gode lokalitetane. AK-områda må vera så store at fortøyingane får plass innanfor områda. Det er meir ønskjeleg med store fellesområde enn små område øyremerka akvakultur åleine. Det er viktig at eignaheit vert lagt til grunn ved fastsetjing av område for akvakultur. Dette arbeidet bør framskundast og resultatet av slike undersøkingar må i størst mogleg grad leggast til grunn ved kommunal handsaming av eigne kystsoneplanar.</p> <p>Det kan med god planlegging og meir effektiv arealutnytting vera rom for monaleg vekst i området. Den årlege auken som det er uttrykt mål om i vekstmeldinga må det takast høgde for i arealplanane.</p> <p>Ein del av dei føreslåtte nye områda ligg for eksponert til, desse bør flyttast lenger ut, der det er meir stabile vind- og straumtilhøve. Hovudretninga i havbruksnæringa si framtid i Norge må vera vidareutvikling av noverande drift gjennom merdar i sjø på kysten og i fjordane, og ikkje flytting av produksjonen frå sjø til land. Område for lukka sjøanlegg til matfiskproduksjon i meir skjerna fjordareal bør innarbeidast i planen.</p> <p>Innhald og tilråding i plandokumentet samsvarer ikkje med planen si målsetjing på vesentlege punkt. Det må vera betre balanse mellom dei ulike omsyn enn det planforslaget legg opp til.</p> <p>Utfordringar kring lus og rømming vil verta løyste, og dette skal regulerast gjennom sektorlovverket, ikkje i plansamanheng. Midlertidige problemstillingar innan drift skal ikkje hindra planlegging for ei framtid der dagens utfordringar er løyste.</p>	<p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet vert teke til orientering</p> <p>Sjå kapittel 2.3</p>
Omsynssoner	<p>Forslaget om omsynssoner vil vera til skade for drift og utvikling av eksisterande verksemd og hindra ny verksemd i store delar av planområdet. Etablering av slike soner vil vera i strid med balansen mellom interesser som er formulert i målsetjinga til planen, og det vil vera konkurransevridande og ha strukturmessige konsekvensar i planområdet. Det er tvilsamt om paragrafen om omsynssoner kan nyttast i ein regionalplan, og forslaget om omsynssoner må trekkast ut av planen.</p>	<p>Sjå kapittel 2.2 og 2.3.</p>
Tilråding:		

Austevoll Melaks AS

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Austevoll Melaks (AM) meiner at planen ikkje legg opp til særleg auke i arealbruk for tradisjonelle opne merdar, dei nye områda er i utgangspunktet tenkt til havgåande eller lukka anlegg. Dette er motstridande til det som er hovudmålet med planen, nemleg at næringa skal vera lønnsam og konkurransedyktig i framtida. Noreg sitt konkurransefortrinn er ei lang skjerma kystlinje med god vasskvalitet som eignar seg til oppdrett i opne merdar. Det vert etterlyst areal til nye artar/næringar.</p> <p>AM er kritisk til at utfordringar med lakselus, rømming og sjukdomar vert forbetra slik planen ligg føre, og meiner at det er næringa sjølv si oppgåve å koma med gode bærekraftige løysingar på dei utfordringane næringa står ovanfor.</p> <p>Forslaget til regionalplan legg opp til mykje detaljstyring om kva kommunen kan gjera</p>	<p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.1.</p>
Omsyns-soner	Etablering av omsyns-soner vil setja ein brems på utviklinga av oppdrettsnæringa i Austevoll.	Sjå kapittel 2.3.
Tilråding:		

Lingalaks AS

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Lingalaks AS støttar høyringsinnspela til Sjømat Norge og Norske sjømatbedrifters landsforbund, og har i tillegg følgjande punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Kystzoneplanen skal ikkje vere eit middel for å regulere produksjonen i næringa. Areala til akvakultur blir for lite til å ta eventuell auka vekst i planområdet, Det bør opnast for at kommunane kan vurdere nye lokalitetar eller flytte dei i område Sjø og vassdrag generelt utan AK. -Fortøyingar skal vera med i areala. Det reduserer bruksverdien av kvart areal. Kvart område må difor utvidast med fortøyingssområde for å oppretthalde arealet. . -Dei einskilte lokalitetane sin eignaheit er ikkje vurdert i forarbeidet. Det trengst difor meir fleksibilitet i planen for å finna optimale plasseringar til anlegget på dei einskilte lokalitetane. Her må grensene vera mogleg å justera. -Lokalitetar for lukka anlegg i sjø er aktuelt for utviklinga av næringa, men er lite vurdert i planarbeidet. 	Sjå kapittel 2.1 og 2.3.
AK-analysen	<p>AK-analysen er ein god oversikt over det komplekse forvaltingsregimet i næringa. Det er vanskeleg å spora referansane til påstandane i teksten. AK-analysen konkluderer med at det er lus og rømming som øydelegg sjøaure og villaksstammer. Villaksen er i dag ikkje utrydda av desse utfordringane, slik det er spådd i rapportar sidan før 2008. det er framleis fagleg diskusjon kring årsakene til endringa i bestandar av vill laksefisk. Vedlegg: <i>Lakselus og rømt oppdrettslaks bør ikkje begrense produksjonen av oppdrettslaks i Hardanger</i></p>	Sjå kapittel 2.3.
Tilråding:		

Norske Sjømatbedrifters Landsforening

Fråsegn ved: Fagsjef oppdrett		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Norske Sjømatbedrifters Landsforening (NSL) viser til innspel frå Lingalaks og Engesund (?) i samband med utarbeiding av kystsoneplanen. NSL stiller seg bak Gjøvikrapporten.</p> <p>-NSL vil sterkt understreke at kystsoneplanen ikkje er meint som eit middel for å regulera produksjonen i havbruksnæringa.</p> <p>-Det bør opnast for at kommunane sjølv kan vurdere nye lokalitetar eller flytta på eksisterande lokalitetar.</p> <p>-Områda for akvakultur i arealplanen må ta høgd for fortøyingar. Dette arealet varierer ut frå djupn, og ut frå kva for fortøyingar som skal brukast.</p> <p>-Det må vera rom i arealplanen for å optimalisera drifta. Det same gjeld der endra krav til miljøomsyn vert innført. Dette kan medføra at det kan oppstå eit behov for å flytta enkelte lokalitetar.</p> <p>-Det må takast høgd for utvikling av ny teknologi som til dømes lukka merdsystem i sjø. Slike løysingar krev område som er mindre eksponert for vêr og vind.</p> <p>-NSL sine medlemmer i Hardangerfjorden har alltid vist ein positiv haldning til det stadig strengare regelverket næringa er underlagt. Sjå vedlegg; Gjøvikrapporten.</p> <p>-For å utvikla og styrka næringslivet må bærekraft definerast både ved det økonomiske, sosiale og det miljømessige.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.1.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
Tilråding:		

Eide Fjordbruk

Fråsegn ved: Produksjonsleiar		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Myndighetene har ei målsetjing om ca 5-7 % årleg vekst for havbruksnæringa. Eide meiner planen ikkje er fleksibel nok, og tilpassa utvikling og produksjonsauke som samsvarer med dette.</p> <p>Kommunane må ha høve til å vedta nye AK-areal, utviding av eksisterande areal m.m. Miljøtilhøve er ikkje vurdert, ein treng dermed fleksibilitet til å finna optimal plassering av anlegget på dei einskilde lokalitetane. Mange av dei føreslåtte områda er for små til at det sikrar slik fleksibilitet. Det at fortøyingane skal vera innanfor områda avgrensar fleksibiliteten ytterlegare.</p> <p>Lokalitetar for lukka anlegg i sjø er lite vurdert i planarbeidet. Slike område må ha forholdsvis liten bølgehøgd per i dag.</p> <p>Eide Fjordbruk har i tillegg konkrete arealinnspel.</p>	<p>Innspelet vert teke med i den vidare prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.1 og 2.3.</p> <p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen.</p> <p>Innspela vil bli vurdert i den vidare prosessen.</p>
AK-analysen	<p>AK-analysen går for langt når det blir konkludert med at det i dag ikkje er rom for vekst grunna utfordringar med lus og rømming. Kystsoneplanen blir farga av konklusjonane i AK-analysen, slik at planområdet framstår som eit intensivt oppdrettsområde med mange utfordringar og lite potensiale for vekst dei neste åra. Planen oppfordrar i tillegg til at dårlege «luselokalitetar» skal leggjast ned. Det er drifta i dei ulike selskapa som avgjer lusestatus i anlegga. Drifta må tilpassast luseutfordringane på den enkelte lokalitet. Tilvising til Gjøvikrapporten.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
Tilråding:		

HardangerFjordLaugget

Fråsegn ved: Sekretær

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur Areal	<p>Det er særst uheldig å vedta ein regional plan på dette tidspunktet, samstundes som Staten greier ut om korleis regelverket for framtida skal sjå ut, og utan å vita konsekvensane.</p> <p>Noreg har eit særskilt ansvar for å bidra til at verden vert tilført mat som me har optimale tilhøve for å produsera – mat frå havet.</p> <p>Planen bidreg ikkje til betra status for matproduksjon i sjø. Planen legg opp til at alt anna skal vurderast først, så kan ein sjå kva som er att av ledig areal til produksjon av sjømat. I dette ligg at «alle» andre omsyn kan verka å telle meir enn å produsera mat i sjø. Ein må i større grad framover sjå matproduksjon i sjø på lik linje med matproduksjon på land, kanskje høgare, sidan dette er eit område som Noreg i dag har særfordelar innan.</p> <p>HardangerFjordLaugget (HFL) er redd for at planen vil nyttast for å fremja motsegn dersom ein lokalt går på tvers av det retningsgjevande i planen.</p> <p>Det er positivt at eksisterande og nye lokalitetar kan verta større, men for fleire lokalitetar er forslaga i planen eit tilbakeslag og ikkje framtidsretta.</p> <p>Det er negativt at areal til matproduksjon av laks og aure vert øymerka dette åleine. Det bør leggest til rette for fleirbruk i overordna planar. Areal avsett til matproduksjon i sjø skal vera definert som fleirbruksareal.</p> <p>45 lokalitetar får ikkje auka kapasitet/moglegheit for utviding, og planen ønskjer reelt sett desse utfasa. Dette må konsekvensutgreiast i eit matperspektiv. Dette er matproduksjon, og forskjellane til «landkulturen» kjem tydeleg fram.</p> <p>Det er positivt at det vert avsett nytt areal i planen til havbruk av ymse slag. Desse områda er i stor grad lagt til rette for lukka anlegg eller drift til havs, og kjem ikkje eksisterande produksjon til hjelp. Der aktørane i dag ønskjer å ha større avstand og meir produksjon per lokalitet, legg planen opp til fortetting.</p>	<p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.1.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet blir tatt med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Vert teke til orientering.</p>
Omsyns-soner Marine verne-område	<p>HFL er i mot at det vert innført marine verneområde i Korsfjorden og Hardangerfjorden. HFL er skeptiske til at dei to områda som er føreslått som «marine verneområde» er lagt inn i planen med ein føresetnad om at dei sannsynlegvis vert verna. HFL etterlyser ei konsekvensutgreiing knytt til etablering av dei marine verneområda.</p> <p>Fleire selskap i regionen har leita etter gode lokalitetar. Dei fleste aktørane jobbar med å redusera talet på lokalitetar, og slå saman fleire mindre lokalitetar. Dei to marine verneområda og omsynssonene tar vekk fleksibiliteten. Fleire og fleire område får ikkje høve til utviding eller etablering.</p> <p>Omsynssonene er for omfattande vektlagt i planen. Aktiv bruk av kystsona har vore grunnlaget for at folk har kunna budd i regionen. Med innføring av omsynssonene argumenterer ein med at matproduksjon i sjø ikkje er ein like ansvarsfull sak som dei</p>	<p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.2 og 2.3.</p>

	kriteria som ligg inne i omgrepet «omsynssone». Dette vert eit teikn på at ein i større grad ønskjer å konservera enn å skapa utvikling. Planen må gi høve til å utvide og etablere område for matproduksjon i omsynssonene.	
Tilråding:		

4.4 Andre

Kongelig Norsk Båtforbund (KNBF)

Fråsegn ved: Leiar KNBF Region Vest		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Strandsona	<p>Regional kystsoneplan har i stort ein inkluderande innretning sett frå båtfolket. KNBF ser likevel behov for å koma med nokre merknader til planen.</p> <p>Planen peikar på at parkering ikkje treng ligga i direkte tilknytning til sjøen. I stort vil KNBF hevde at parkering i sommarsesongen kan nyttast til båttopplassar, derav at parkering ligg i rimeleg nærleik til, og i tilknytning til slipp/køyrerampe ut i sjø. Då oppnår ein gode synergjar over arealbruk. Utfartsparkering for båtliv må vektleggjast og prioriterast.</p> <p>Kystsoneplanen inneheld lite om universell utforming. KNBF vil anmode om at planen får inn nokre formuleringar som ivaretar kravet til universell utforming ved bygging av båt-, brygge- og kaianlegg. Det er viktig å gi friluftsliv og båtliv til alle grupperingar i samfunnet.</p> <p>Til forholdet om plassering av naust registrerer KNBF planen sine tankar om å plassere desse unna sjøkanten. KNBF er noko forundra over denne formuleringa i planen. Frå synspunktet til ein båteigar grensar eit naust til sjøarealet.</p>	<p>Vert teke til orientering</p> <p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen.</p> <p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen</p> <p>Sjå kapittel 2.5.</p>
Berekraftig kystsoneplanlegging	KNBF anmodar om at kystsoneplanen seier noko om å etablere utehamner med fortøyingsbøyer, oppsetting festboltar/fortøyingspunkt og merking der det er naturleg. Eit slikt tiltak vil vera med på å utvide båtlivet, auka beredskap, betra tilsyn, strandrydding m.m., samt å redusera presset på allereie etablerte område. Ein oppnår eit betre mangfald i skjærgården.	Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen
Tilråding:		

Fiskarlaget Vest

Fråsegn ved: Styret i Fiskarlaget Vest		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur	<p>Fiskarlaget Vest har sendt felles uttale til den Regional kystsoneplanen og den Interkommunale strandsonenplanen.</p> <p>Fiskarlaget Vest har ikkje vurdert karta i høve dei konkrete områda som er føreslegne i høve eventuell utviding av akvakultur, då dei føreset at utvidingsområda ikkje er lagt til område der det er registrert fiskeriinteresser.</p> <p>Konkrete område til akvakultur, og andre, vil bli vurdert ved høyring av kommuneplanane. Akvakultursaker skal handsamast</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Sjå kapittel 2.2</p> <p>Vert teke til orientering.</p>

	etter m.a. akvakulturlova, og ein tar det som ei sjølvfølgje at ein får eventuelt konkrete saker til vurdering i høve fiskeriinteressene. Det er positivt at ein har som mål å synleggjera kva område eit akvakulturanlegg beslaglegg ved å synleggjera området for fortøyingar.	
Berekraftig kystsonerplanlegging	<p>Det er viktig i slike planprosessar at ein ikkje lar eitt, eller nokon få tema få fortrinnsrett til kystsona på bekostning av andre etablerte næringar i området, ved m.a. å vurdere dei i separate prosessar, til dømes akvakultur på bekostning av fiskeriinteressene.</p> <p>Kystfiskeria er avhengig av at dei naturgjevne plassane blir ivaretatt i plansamanheng, t.d. trålfelt, gyte-, oppvekst- og fiskeområde, låssettingsplassar, ålegras, tare. I tillegg er areal til m.a. infrastruktur, fiskemottak, kommunale kaiar og område for naustbygging til næringsverksemd, her fiskeri, område som er viktig at blir ivaretatt i kommunepplansamanheng. Fiske er ein viktig del av kystkulturen på Vestlandet, som òg må ivaretaast i framtida.</p> <p>Det er viktig at ikkje område på land blir planlagt slik at verksemda der kjem i konflikt med bruken av sjøområda, t.d. at oppdrettsanlegg ikkje bør plasserast i nærleiken av m.a. hyttefelt/bustadområde.</p> <p>Kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Me er mellom anna avhengig av eit godt havmiljø med reine og produktive fjordar. På bakgrunn av dette er det svært viktig å førebyggje, og unngå, forureining til sjø.</p>	<p>Føremålet med arbeidet har vore å sjå på alle tema samla, slik at dei ikkje vert handsama i separate prosessar.</p> <p>Sjå kapittel 2.2.</p> <p>Ein har forsøkt å ikkje legga akvakulturområde rett utanfor område avsett til bustad eller fritidsbustad. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet vert teke til orientering</p>
Strandsona	Styret er ikkje einig i at det skal vera fri ferdsel langs heile strandsona, då det, i dei fleste tilfelle, er naturleg å byggje naustet heilt i sjøkanten, med eventuell kai/flytebrygge utanfor. I slike område må ein kunne gå på tur bak naustet.	Sjå kapittel xx om strandsona
Tilråding:		

Håvardsholm og Stueland velforening

Fråsegn ved: Formann

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur	<p>Velforeininga avgir felles uttale til både kystsonerplanen og den interkommunale strandsonerplanen for Sunnhordland.</p> <p>Kystsonerplanen er ein plan for oppdrett og dei problema denne næringa slit med. Velforeininga spør om oppdrettsindustrien skal få lov til å gjera dei same feila som vasskraft og tungindustri har gjort tidlegare, og overlata til komande generasjonar å rydde opp. Velforeininga påstår at øydeleggingane vert gjort i full openheit, og med myndigheitene si velsigning. Velforeininga konkluderer med at Ålfjorden absolutt ikkje er eigna for oppdrett.</p> <p>Ut frå velforeininga si kunnskap er det slik at dersom biomassen er under 3500 tonn er det ikkje påkrevd med konsekvensutgreiing, og difor held alle anlegg seg under dette taket. Velforeininga etterlyser svært omfattande miljøundersøkingar både for vasssystema og for omgjevnadane på land. Velforeininga hadde forventna at planen inneheldt tabellarisk oversikt over bruk av medisinar og giftstoff for kvart anlegg. Det må opprettast eit fond i regi av Kystverket, som skal nyttast til opprydding i anlegg som er</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Det er andre lovverk enn plan- og bygningslova som set krav og vilkår til akvakulturnæringa. Akvakulturrapporten viser m.a. til drift og forvaltning, og er ein litteraturstudie. Alle tema i akvakulturanalysen har ikkje blitt vidarført i kystsonerplanen</p>

<p>Tilråding:</p>	<p>forlatne, og der det ikkje finst eigarar. Alle som får konsesjon må betala inn til dette fondet. Velforeininga meiner at oppdrettsnæringa ikkje er ei berekraftig næring.</p> <p>Velforeininga har vidare ein del konkrete merknadar til Ålfjorden og lokaliteten Stueland. Dei er kritiske til sakshandsaminga i kommunen, og er lite nøgd med Sjøtroll, som eigar av lokaliteten. Velforeininga meiner at anlegget forureinar, og at fjorden ikkje toler belastninga frå oppdrettsnæringa. Det vert vidare peika på at det er registrert korallar og ålegras i nærleiken av anlegget, og at rapporten burde tatt med dette. Ålfjorden er ein viktig gyte- og oppvekstfjord, og det er viktig at det er gode tilhøve for gyting og vekst i fjorden, og at ikkje gyteområda og mattilgangen vert øydelagd av nedslamming og giftbruk. Velforeininga påpeikar at det er stor påverknad frå anlegget på land, både når det gjeld lyd og lys.</p>	<p>som omhandlar arealsituasjonen.</p> <p>Vert teke til orientering. Innspelet om registrerte naturkvalitetar vil bli tatt med vidare i prosessen</p>
--------------------------	---	---

Austevoll Arbeiderparti og Austevoll Høgre

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	<p>Austevoll Arbeiderparti og Austevoll Høgre er uroa over høyringsutkastet. Partia meiner at planen ikkje legg til rette for vekst i havbruksnæringa, som er ei særst viktig næring i Austevoll. Sett i samanheng med andre gjeldande planar, føreskrifter og reglar for havbruk, er denne planen med på å gjera oppdrettsverksemd i regionen mindre konkurransedyktig enn andre regionar langs kysten.</p> <p>Havbruksmeldinga opnar for vekst på visse vilkår. Kommunane må ha nok areal både til eksisterande anlegg og til å delta i produksjonsauken dei komande åra. Plankartet som omfattar Austevoll i høyringsutkastet gir ikkje rom både for eksisterande anlegg, for flytting av anlegg og for vekst. Kommunen er avhengig av både arbeidsplassane og inntektene som havbruksnæringa bidrar med. Partia ber om at det vert teke omsyn til innspel frå havbruksnæringa, ved at ein inngår dialog med dei involverte partane i kommunen, for saman å sjå på gode løysingar som set gode rammevilkår for framtidig oppdrettsverksemd, òg i Austevoll.</p>	<p>Vert teke til orientering</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
<p>Tilråding:</p>		

Anne-Lise Bjørke Monsen m.fl.

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Akvakultur</p>	<p>Høyringsforslaget kan ikkje akseptrast slik det føreligg. Bakgrunnen for dette er oppsummert i følgjande seks punkt:</p> <p>1 Det er ikkje gjort utgreiing av dei helsemessige og økonomiske konsekvensane av oppdrettsanlegg for folk på land. Dette gjeld særleg støy og lysforureining, men også effektar av organisk og kjemisk forureining. Førebygging av støy er pålagt ved arealplanlegging som dokumentert over (henvising til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging – T-1442). Denne</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>

	<p>problematikken er ikkje diskutert i framlegget til kystsoneplan og representerer ein klar mangel.</p> <p>Uttalen fokuserer vidare på at støy kan utgjera ein helseserisiko, og at den mangelfulle handteringa av støyproblematikk i akvakulturnæringa dels er lovstridig.</p> <p>2 Plankartet speglar ikkje konklusjonane i forslaget når det gjeld plassering av akvakulturanlegg. Dersom ein verkeleg meiner at oppdrettsanlegg ikkje skal ligge rett i nærleiken av bustad og fritidseigedomar må dette framgå av plankartet.</p> <p>Det å ha eit oppdrettsanlegg plassert like utanfor ein landeigedom vil redusere verdien av eigedomen betydeleg. Dette aspektet, inkludert ei vurdering av erstatningsansvaret til kommunar, fylkeskommune og næringsaktørar burde vore belyst i forslaget til kystsoneplan.</p> <p>3 Det er ikkje tatt tilstrekkeleg konsekvens av allereie påviste negative miljøeffektar av oppdrett i Ålfjorden</p> <p>Dette punktet vert i uttalen eksemplifisert ved hjelp av lokaliteten Stueland i Ålfjorden. Bjørke Monsen med fleire meiner at Sjøtroll ikkje har utført pålagte miljøundersøkingar, og meiner at det aktuelle anlegget har medført miljøødeleggingar i Ålfjorden. Dette stemmer dårleg med konklusjonen i AK-analysen om at <i>utslepp av organisk materiale og næringssalt frå oppdrett i liten grad påverkar miljøet i kystsone</i>. Innspelet peikar på at bagatelliseringa av effektar av utslepp av legemidlar og miljøgifter i AK-analysen openbart ikkje er på linje med seriøse forskingsmiljø og sentrale myndigheiter.</p> <p>4 Det er ikkje gjort ei adekvat evaluering og utgreiing av følgjande verneverdige naturområde som ligg tett opp i område som er føreslått til akvakultur:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korallar • Ålegras • Gyteområde <p>Uttalen kjem med fleire døme på at det er fleire sårbare naturområde i Ålfjorden. Det vert etterlyst meir vurderingar knytt til plassering av akvakulturområde i nærleiken av slike sårbare naturområde, og påverknad på desse områda frå til dømes Flubenzuronar. Det vert òg uttrykt skepsis knytt til etablering av akvakultur i nærleiken av reketrålfelt. Det vert vist til episodar der strandsona i Ålfjorden vart dekkja med daude krill.</p> <p>5 Det er ikkje tatt omsyn til kvit sektor frå fyrlykt på Røykenes.</p> <p>.</p> <p>6 Det er uheldig at ein privat aktør, som har oppdrettsindustrien blant sine oppdragsgjevarar, utgreier forvaltning av fellesskapet sine naturressursar med tanke på akvakultur.</p> <p>Akvakulturrapporten bidrar i svært liten grad til å ivareta miljøet. Det er i 95 siders rapport brukt mindre enn 20 linjer på miljøproblema.</p>	<p>Kommentar?</p> <p>Innspelet vert teke til orientering</p> <p>Vert teke til orientering.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.3.</p> <p>Vert teke til orientering.</p> <p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen.</p> <p>Vert teke til orientering.</p> <p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.3.</p>
Tilråding:		

Møkster Vel

Fråsegn ved: Leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Omsyns-soner	<p>Velforeininga peikar på at dei ved ein rein tilfeldigheit har fått informasjon om at Møkster og alle holmane rundt har blitt definert som ei omsynssone i planen. Planarbeidet er heilt ukjent for velforeininga, lokalbefolkninga har ikkje blitt rådspurt, involvert eller informert undervegs. Det same gjeld for øyane Litla Kalsøy og Stora Kalsøy, som òg er definert som omsynssoner.</p> <p>Velforeininga ber om at lokalsamfunna i dei planlagde omsynssonene vert informert og rådspurt før vidare planprosess. Velforeininga ber vidare om at det vert gjennomført grundige konsekvensutgreiingar av dei langsiktige påverknadane for lokalsamfunna før omsynssonene vert etablert.</p>	Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.3.
Tilråding:		

Etne elveigarlag

Fråsegn ved: Leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Akvakultur	<p>Etne elveigarlag peikar på at Etneelva er utpeika som nasjonalt laksevassdrag og skal ha eit særskilt vern mot trusselfaktorar. Elva har lang tradisjon som sportfiskeelv og gir betydelege årlege inntekter. Den negative bestandsutviklinga til villaksen har òg ramma Etneelva og resultert i avkorta fisketid og også stopp i fisket. Auka sjøddødelegheit på grunn av problem med lakselus frå oppdrettsnæringa i området, og negative genetiske effektar av innblanding av rømd oppdrettslaks er grundig dokumentert. I vandringsruta til etnelaksen ligg verdas største tettleik av oppdrettsanlegg med tilhøyrande høgt lusepress. Oppvandring og innkryssing av rømd oppdrettslaks i Etneelva er godt dokumentert.</p> <p>I planframlegget er det lagt til rette for vekst innan havbruksnæringa utan å ta omsyn til villaks og sjøaure. Elveigarlaget minner om at det i relevante dokument er framheva at det er eit mål å bygga opp laksebestandane, at lakseressursane skal forvaltast til størst mogleg nytte for samfunnet, rettighetshavarar og fritidsfiske, at føre-var-prinsippet må leggest til grunn, og at miljøsituasjonen i området er bekymringsfull. Det vert vidare peikt på at vekstmeldinga presiserer at avgrensing av produksjonsområda i hovudsak bør baserast på naturfaglege kriterier. Dette betyr at ein i arbeidet med regionale kystsoneplanar må samarbeida tett med statlege myndigheiter som planlegg produksjonsområda.</p> <p>Elveigarlaget meiner at framlegget til kystsoneplan ikkje samsvarer med Regjering og Storting sine vedtak og målsetjingar. For å sikra framtida for villaksen i samsvar med myndigheitene sine målsetjingar meiner elveigarlaget at det er avgjerande viktig å sikra vandringsruta ved mellom anna å:</p> <ul style="list-style-type: none">-utvida den nasjonale laksefjorden til også å omfatta Bjoafjorden og Bømlafjorden.-Redusera talet på anlegg-Krevja grøne konsesjonar	Vert teke til orientering Handlingsprogrammet i planen peikar på fleire tiltak retta mot villfisk og koplinga mellom akvakultur og villfisk. Sjå kapittel 2.3. Kystsoneplanen er ein arealplan, ikkje ein forvaltningsplan. Sjå kapittel 2.3

<p>Tilråding:</p>	<p>-flytta anlegg ved reetablering eller samanslåing av konsesjonar. -etablera produksjonssonar og såkalla branngater som tek omsyn til villfisken -auka storleiken på sonene i luseforskrifta.</p> <p>Den primære oppgåva med fiskefella i Etneelva er gjenfangst av rømd oppdrettslaks, og betrar ikkje tilhøva for villfisk i sjøen. Det må ikkje skapast eit inntrykk av at ei fiskefelle løyser problema og at det då er fritt fram for å auke produksjonen i dei nære sjøområda.</p>	<p>Innspelet vil bli tatt med vidare i prosessen.</p>
--------------------------	--	---

Mikal Møller Hovda

Fråsegn ved: Mikal Møller Hovda

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Strandsone</p>	<p>Høyring av forslag til den interkommunale strandsoneplanen og kystsoneplanen har vore gjort samtidig. Det var arbeidet med strandsoneplanen som starta opp først, og det var ein føresetnad at kystsoneplanen skulle tilpassast strandsoneplanen der det var mogleg. Når Fylkeskommunen har vore med i utarbeidinga av begge planane er det underleg at samordninga av retningslinene ikkje er blitt betre.</p> <p>I hovudmålet for planen står det at <i>Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverke til ei balansert samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.</i> Dette er Hovda heilt samd i. Han er likevel i tvil om fylkeskommunen har eit betre svar på kva som er det beste for innbyggjarane enn det kommunane har. Retningslinene i kystsoneplanen må difor samordnast med den interkommunale strandsoneplanen.</p>	<p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.5.</p>
<p>Tilråding:</p>		

Møkster BU

Fråsegn ved: Mona Louise Mørk

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Omsyns-soner</p>	<p>Foreininga Møkster BU har i samarbeid med Espevær, Fjeldberg, Huglo, KRd, Fylkeskommunen og Fylkesmannen i Hordaland gjennomført to omfattande prosjekt; "Flytt til LivOGLyst" (2011-2013) og "ØYLIV" (2013-2015). Overordna fokus på prosjekta har vore tilflytting, trivsel, integrering og verdiskaping. Resultata av prosjekta har vore svært gode på alle øyene.</p> <p>I utkastet til kystsoneplanen er øyene Møkster, Espevær og Fjelberg definert som omsynssonar. Dette medfører ei betydeleg innstraming for byggeaktivitet i strandsona, jf. formuleringa <i>Større tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillast.</i> Dette vil redusera moglegheitene for å få til ny næringsaktivitet på desse øyene. Dette er små øyer der nær sagt all aktivitet skjer i strandsona. Det fortrinnet ein har på øyene er nærleik og enkel tilgang til havet. Fangst og havbruk har vore sentralt for busetjing på Møkster i over 5000 år. I høyringsnotat vert det lagt opp til å hindre nyetablering av havbruk innanfor omsynssonene. Dette er alarmerande med tanke på at dei aller fleste arbeidsplassane på</p>	<p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen.</p> <p>Sjå kapittel 2.2 og 2.3.</p>

<p>Tilråding:</p>	<p>Møkster er knytt opp til akvakultur. Eit slikt regelverk vil hindre etablering av nye former for havbruk. I planprogrammet står det at det skal gjennomførast konsekvensutgreiing for samfunnspåverknadane. Møkster BU kan ikkje sjå at dette er utført for lokalsamfunn som blir påverka av planen.</p> <p>I planprogrammet står det vidare at Stortingsmelding nr. 25 (2008-2009) skal vera førande for planarbeidet. Møkster BU kan ikkje sjå at denne er tatt omsyn til i planarbeidet. Foreininga er kritisk til at lokalsamfunna ikkje har vore involvert i prosessen. Det er foreininga si oppfatning at det å bli karakterisert som ei omsynssone, og bli pålagt eit slikt strengt regelverk, vil vera svært uheldig for øyene. Motivasjonen som ligg bak definering av omsynssoner er forståeleg, men konsekvensane for dette kystsamfunnet vil vera fråflytting. Foreininga ber om at føremålet med omsynssonene blir vurdert på nytt og at lokalsamfunna blir involvert i prosessen.</p>	<p>Innspelet vert teke med vidare i prosessen. Sjå kapittel 2.2 og 2.3.</p>
--------------------------	--	---

Advokatane Erik Lea m.fl.

Fråsegn ved: Advokat Erik Lea på vegner av Jens Christian Larsen og Grethe Larsen

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
<p>Akvakultur</p>	<p>Familien Jens Christian og Grethe Larsen har hytte i nærleiken av oppdrettsanlegget ved Stueland, og har opplevd problem knytt til oppdrettsanlegg i området i fleire år. Det vert i uttalen peika på fleire tilfelle der familien sine protestar og innsigelsar knytt til etablering av anlegg i området ikkje har blitt tatt omsyn til av kommunen.</p> <p>Det vert peika på at situasjonen har blitt plagsom for familien, som opplever støy og lys frå Lerøy Sjøtroll sitt anlegg på Stueland som svært sjenerande. Familien har forsøkt å få kontakt med Sjøtroll men har ikkje lukkast med dette. Dei synest det er oppsiktsvekkande at Sjøtroll ikkje har gjort noko for å minka sjenansen for naboane til anlegget..</p> <p>Familien Larsen og naboar har hatt tusenvis av daude reker i strandsona, og det vert peika på at dette truleg skuldast at oppdrettarane dei siste åra har mangedobla utsleppa av dei fleste avlusingsmedikament. Det synest som om det er oppdrettsnæringa sine interesser som vert framheva, og det vert ikkje tatt omsyn til fastbuande og hytteeigarar.</p> <p>Det vert vist til punkt 4.7 under retningsliner for akvakultur: <i>Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje nær badeplassar, eller tett opptil bustad- eller fritids-bustadområde. Det skal takast omsyn til lokalt friluftsliv.</i> Dersom dette skal vera ei retningsline som ein skal ta omsyn til må ein sørge for at det ikkje vert høve til å ha anlegga på Stueland, då plasseringa er til stor sjenanse for dei i området, og særleg familien Larsen som hytteeigar på Stueland.</p>	<p>Vert teke til orientering. Sjå kapittel 2.3.</p>
<p>Tilråding:</p>		

Møkster Næringspark

Fråsegn ved: Styreleiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Omsyns-soner	<p>Møkster Næringspark er eit nystarta føretak på Møkster kor målsetjinga er å skape ny marin næring på øya. Selskapet planleggjer blant anna eit anlegg for fangst, føring og foredling av krabbar. Eit føringsanlegg for krabbar vil ta mykje sjøareal og vil truleg bli karakterisert som eit større teknisk inngrep og dermed bli nekta etter gjeldande planforslag.</p> <p>Møkster Næringspark meiner at grunnlegginga for å innføre ei omsynssone rundt Møkster er svak, og går nærare inn på dei ulike kriteria for utvelginga:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kystlyngheiområde: Det er ein del lyng på Møkster, men planten er verken trua eller freda. Det er også eit poeng at utbreiinga av planten er menneskeskapt og at den er avhengig av bruk (hogst, sauehald, avsviing) for å eksistere. - Kulturminnerik strandsone: Det er ikkje eldre naust på øya. Det finst 3 naust som er bygd rundt 1920-talet, men dei er i så dårleg stand at dei truleg kjem til å falle i løpet av kort tid. - Viktig friluftsområde: Dette stemmer ikkje i praksis. Store deler av det markerte friluftsområdet er eit svært farefullt sjøområde. Det har vore fleire ulykker opp gjennom åra, også dødsulykker, og framande held seg i dag stort sett borte. - Sjøfuglreservat: Det stemmer at eit par holmar i området er sjøfuglreservat, men det rettferdiggjør ikkje at dei resterande 98 holmane og øyane i området nærast skal "fredast". - Landskapet er registrert med stor verdi (karakter B): Landskapet er vakkert, men det er vanskeleg å sjå kvifor det er meir vakkert enn andre øyar og holmar på Vestlandet. <p>Det å legge saman mange svake argumentasjonar gjer ikkje at ein samla sett får eit godt argument. Møkster Næringspark ber om at omsynssona rundt Møkster vert fjerna.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
Tilråding:		

Per Gunnar Møkster

Fråsegn ved: Per Gunnar Møkster

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Omsyns-soner	<p>Møkster protesterer på manglande og feil sakshandsaming. Det å leggja ei omsynssone i Møksterområdet er i strid med lovnadar som har blitt førespegla.</p> <p>Ingen lokale interesser er blitt involvert eller høyrte. Møkster ber om å få tilsendt relevante sakspapir og kart, og ber om å få utvida søknadsfrist, slik at lokalbefolkning, næringsliv, fritidsbrukarar og naturelskarar kan få mobilisera mot argumentasjon/politisk forankring, og berga området frå å bli øydelagd.</p>	<p>Innspelet vert teke med i prosessen vidare.</p> <p>Sjå kapittel 2.3.</p>
Tilråding:		

Austevoll Fiskarlag – SKAL DENNE UT?

Fråsegn ved: Leiar (RABBEN)

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Berekraftig kystsone-planlegging	<p>Styret i Austevoll Fiskarlag har heilt tilfeldig blitt informert om denne saka, i siste liten av høyringsfristen, og avgir felles uttale til kystsoneplanen og den interkommunale strandsoneplanen.</p> <p>Styret meiner at saka er gitt altfor lite høyringstid, og foreslår at saka vert utsett i minst 6 mnd. Det bør òg haldast eitt eller fleire orienteringsmøte i kommunen i løpet av hausten/vinteren, for folket og dei næringar (særleg fiskeri- og laksenæringa) som vert råka av planane.</p> <p>Styret i Austevoll Fiskarlag håpar på og må på rå til at den rullerte kommuneplanen i Austevoll kan overstyra desse to planane, og at dei berre blir å betrakta som rådgjevande, jf 5. avsnitt i føremålet i utgreiinga.</p> <p>Styret meiner at det er nok planar å halda seg til, kor alle går meir og mindre inn for freding av ymse slag, det kan ikkje befolkninga i området verken leva av eller med.</p> <p>Styret i Austevoll Fiskarlag vil førebels støtte forslaget frå styret i Fiskarlaget Vest, men med nokre merknadar. Styret ser fram til ein lengre høyringsfrist og ein periode med orienteringsmøte og at det etter det kan gjerast nye og ytterlegare vedtak.</p> <p>I det følgjande vert merknadane til Austevoll Fiskarlag (som kjem i tillegg til merknadane frå Fiskarlaget Vest) gjengitt:</p> <p>Verneplanar må ikkje gjera framtidig utbygging i sjø umogleg. Det kan resultera i at det ikkje vil verta ein einaste fastbuande att i Austevoll fram i tida ein gong.</p> <p>Både politi og kystvakta har ansvar for å beskytta fiskarar som fiskar lovleg på lovlege plassar - mot terrorisering av hyttefolk. I eit tilfelle i fjor, sende politiet i Hordaland politibåt frå Bergen for å sløkje fiskelyset til ein fiskar som lyste etter makrell i Heiamarkepollen. Ein skandale som føyer seg inn i skandalane til hordalandspolitiet.</p>	<p>Innspelet vert teke til orientering.</p> <p>Møter?</p> <p>Sjå kapittel 2.1.</p> <p>Vert teke til orientering.</p> <p>Vert teke til orientering.</p> <p>Vert teke til orientering.</p>
Tilråding:		